

Fotball – meir enn eit spel

Fotball, politikk og samfunn i Russland og Sovjetunionen

Rune Alfred Drågen Myhre



Masteroppgåve i Russlandstudier

UNIVERSITETET I OSLO

Mai 2007

Forord

Fotball er eit enkelt spel. Nokre spelarar, ein ball og eit par mål. Så dumt, men akk så flott. Bakgrunnen for oppgåvetema er ei viss interesse for fotball. Det går stadig opp for meg når eg treff folk kor viktig fotball er rundt om i verda. Mang ein samtale har pensla innom temaet. Alle har ei historie, inga historie er for lita eller for stor i fotballverda.

Det er mange som har sin del av æra for at eg kan levere masteroppgåva mi i Russlandstudier ved Universitetet i Oslo. Og mange fortener ein takk for hjelpa. Først går min takk til rettleiar Iver B. Neumann som lét meg få skrive om fotball og som har gjeve meg mange konstruktive kommentarar. Ein takk går også til alle som har tatt seg tid til å drikke kaffi og annan drykk saman med meg i løpet av tida her, utan eit lag kan ikkje ein enkeltspelar fungere.

Å vere onkel til Ane og Martin er toppen. Takk til mamma og pappa, det har blitt nokre telefonar.

Til sist går min takk til alle som står i kulde, vind og regn for å sjå fotball.

Oslo, april 2007.

Rune Alfred Drågen Myhre

Innhaldsliste

Forord.....	3
Innhaldsliste.....	4
1 Innleiing.....	7
1.1 Avgrensing og struktur.....	9
1.2 Omgrepssavklaring	10
1.3 Metode.....	11
1.3.1 Tekster.....	11
1.3.2 Kvalitativ metode	12
1.4 Idrettsforsking	13
1.5 Om transkribering og bruk av russiske namn.....	14
1.6 Problemstilling	14
2 Fotball og politikk i Russland og Sovjetunionen.....	17
2.1 Prerevolusjonær tid	17
2.1.1 Organiseringa av fotballen før 1917.....	20
2.1.2 Nordmenn i russisk fotball	21
2.1.3 Ord og uttrykk – frå engelsk eller russisk?	22
2.2 Frå revolusjon til krig.....	23
2.2.1 Fotball i forsvarsøyemed.....	29
2.2.2 Spartak, utreinskinar og Nikolaj Starostin	33
2.3 Krig og propaganda.....	39
2.3.1 Dinamo Kiev (Start) mot tyskarane	40
2.3.2 Dinamo Moskva til London etter krigen	41
2.4 Sovjetunionen og utlandet	42
2.4.1 Befaling om ikkje å tape.....	45
2.5 Khrusjtsjov og internasjonal suksess, 1953-1985	46
2.5.1 Du må ikkje vere frå Moskva for å vinne.....	51
2.6 Nytt regimeskifte – <i>perestrojka</i> også i fotballen?	52

3 Fotball i St. Petersburg.....	57
3.1 Giulianotti om tilhengjarar	60
3.2 Den kulturelle Masja	61
3.3 Strukturelle rammer.....	62
3.4 By mot by (St. Petersburg mot Moskva).....	65
3.5 Klubb mot klubb i byen.....	67
3.6 Fotball på pub.....	69
3.7 ”Senga er mi tribune, fjernsynet min stadion”	70
3.8 Kampdag	74
3.9 Samlaren.....	76
3.10 ” <i>Peterburg nje futbol’nyj gorod</i> ”	77
3.11 Supporterklubbar.....	79
3.12 Om kvinnefotball.....	80
4 Sluttord.....	81
Litteratur.....	83

1 Innleiing

"Av alle uviktige ting er fotball det viktigaste"
Pave Johannes Paul II

Verdas største spel har opptatt mykje tid for mange. Ein kamp går over nitti minutt sånn cirka ein gong eller to i veka. Men fotball er meir enn som så, det er ikkje berre eit spel på matta, det samlar og det splittar folk. I lunsjpausen er det mange stadar eit naturleg samtaletema, og som eg skal syne i denne oppgåva, fotball heng også tett saman med politikk. Ein fotballkamp var den utløysande faktoren i krigen mellom El Salvador og Honduras i 1969, ingen reagerte på at Kjell Magne Bondevik forkynte det norske folk at han skulle prøve å vere nøytral i alle spørsmål, men at han heia på Molde Fotballklubb i fotball då han vart statsminister første gong. I Italia var Silvio Berlusconi fotballklubbeigar og statsminister (namnet til partiet, Forza Italia, har klare konnotasjonar til fotball), medan alle skjønte at Strømsgodset-supporter Torbjørn Jagland gjorde ein feil då han i 1999, på Lerkendal i Trondheim, ikledd seg Rosenborg-skjerf (Hjelset 2006: 108).

Å stadfeste kor tid fotball som spel oppstod er ikkje råd. I 1863 møttest fleire skular i Cambridge for å bli samde om reglane i spelet. Dette samsvarar også med grunnlegginga til Det engelske fotballforbundet. Det er dette spelet som me i dag kallar fotball.¹ Ein kan provokativt seie at fotball var det produktet frå Det britiske imperiet som har vore mest suksessfullt og haldbart (Missiroli 2002: 2). Organisert sport flytta seg ikkje berre horisontalt mellom land, men også vertikalt mellom klassar som eit resultat av industrialiseringa. Med industrien fekk folk meir fritid og for å halde folk vekke frå alkohol og dans vart sport introdusert (Wheeler 1978: 191). Wheeler (1978) nemner også fire grunnar til at sport vart populært, arbeidet var monotont og i sport fekk ein brukte seg sjølv meir, samhaldskjensle, sport var behageleg og spanande. Som med religion var sport meir akseptert enn narkotikum og alkohol, og Marx hadde kanskje hatt meir rett om han hadde sagt at sport² er opium for folket heller enn religion.

¹ På engelsk kallast denne sporten også for *soccer*.

² Sport kjem frå *disport*: "Sport is an abbreviation; shortened form of disport meaning a diversion and an amusement. It has a rooted meaning in Latin which means carry away" (Obare 2000: 2).

Ikkje lenge etterpå, rundt 1870, vart fotball introdusert i Russland. Sidan 1870-talet har landet gjennomgått store endringar både politisk, samfunnmessig og økonomisk. Desse endringane har også hatt sterk innverknad på fotballen. I den spede byrjinga var det utanlandske sjøfolk og engelske handelsmenn som spelte fotball i Russland, men snart skulle også russarane byrje å leike seg med kula og det gjekk ikkje lang tid før fotball var den mest populære sporten i landet.

Fotball er ein verdsomspennande sport. Med internasjonale forbund som bestemmer korleis sporten skal regulerast på banen. Dette fører til at land som er isolerte elles må ta til seg reglar utanfrå. Alle landslag og klubblag i internasjonale turneringar spelar etter internasjonale reglar og om ikkje klubbane i dei heimlege seriane gjer det kan dette få.

Det som tema i første delen av oppgåva er korleis fotball har blitt brukt til politiske og ideologiske formål av det til ei kvar tid sittande politiske regime i Russland og Sovjetunionen. Sett frå fotballverda går påverknaden begge vegar, noko eg skal vise i oppgåva, det er ikkje nødvendigvis slik at det er fotballen som har påverka politikken, eller motsatt. Når det er sagt så skal ein ikkje gløyme at sport vart brukt aktivt av Sovjetunionen til å markere seg i utlandet, både for å vise styrke og for å halde på forbindelsar mellom land som var av interesse. Fotball har utvikla seg både internasjonalt og i Russland og det er mange grunnar til utviklinga. Nokre gonger store hendingar som krig som gjer at arrangement blir stoppa, andre gonger kan det vere ein belgisk spelar som går til retten for å få skifte klubb som Jean-Marc Bosman i 1995.

For Russland sin del har landet gjennomgått mykje dei siste 150 åra. Fram til revolusjonen i 1917 der bolsjevikane overtok makta organiserte fotballspelarane seg sjølve i ulike seriesystem. Denne var avhengig av mellom anna kor folk var – om sommaren var mange velståande på landet eller på *datsjaen*³ kor dei spelte fotball. Om våren og hausten i byen, då vart kampane ofte spelt hus mot hus, gate mot gate. Under sovjetida vart fotballen etter kvart satt i system. Det kommunistiske partiet fann ut at fotball var viktig, ikkje berre for fornøyelse, men også for folkehelsa og forsvaret av staten, eit land med ei sunn befolkning var også bra for det militære (Riordan 2002). Under Josef Stalins utreinskingsprosessar på 1930-talet vart også fotballspelarar sendt i konsentrasjonsleirar som til dømes grunnleggaren

³ *Datsja* kan ein omsette med hytte, ein stad ein kan slappe av og kanskje også dyrke frukt og grønt.

av Spartak, Nikolaj Starostin. Starostin vart ein kasteball i kampen mellom Stalins son, Vasilij Stalin, og Lavrentij Berija. Fotballkunnskapane til Starostin gjorde at han mykje godt slapp å sitte i leirar, men fekk jobbe som fotballtrenar under soninga (Riordan 1994).

Arbeidarklassesport var eit omgrep, i 1921 vart Den raude sportsinternasjonalen (*Krasnyj Sportintern*) grunnlagt av mellom anna Den russiske sovjetrepublikken. Sovjetiske fagforeiningar og institusjonar involverte seg også i fotball, med industrialiseringa vart det meir fritid blant folk og for å hindre at arbeidarar spelte kort og drakk var det betre at dei hadde fritidsaktivitetar som var konstruktive. Arbeidsdagane var monotone, sport var ikkje det, arbeidarar i fysisk bra form kunne også yte betre på arbeidsplassen. Klubbane fekk ofte namn etter kva fagforeining som stod bak, som Lokomotiv (jernbanearbeidarar) og Torpedo (bilindustri). Under Sovjetunionen vart fotball og sport generelt brukt for å vise fram landet, vonde tunger vil ha det til at det var berre i sport og romfart at Sovjetunionen var eit leiande land i verdsmalestokk. For å vise at sosialistisk fotball var best, utvikla den ukrainske trenaren Valerij Lobanovskij det han påstod å vere ein sosialistisk måte å spele fotball på, i motsetnad til den nederlandske totalfotball som var utvikla av nederlendaren Rinus Michels (Eriksen 2005) Den nederlandske totalfotballen går ut på å at alle spelarane skal kunne spele overalt og overrumple motstandaren i motsetnad til Lobanovskij sin fotball der alt var satt i system til den minste detalj, alle på banen visste kva dei skulle gjere og alle pasningar skulle vere overveid og nærmast avtalt på førehand. Alle hadde sin plass og det fantes eit system for alt.

I 1988 skjer eit nytt brot i sovjetisk fotball, klubbane går frå å vere styrt av andre til å overta mykje av kontrollen sjølve, både med økonomi og organisering. Fleire sovjetrepublikkar brukte fotball for å markere at dei braut ut av Sovjetunionen, noko av det første Litauen gjorde var å trekke fotballag ut frå det sovjetiske seriesystemet, sjølv om landet ikkje hadde nokon bra lag vart det sett på som ei viktig symbolhandling. Etter omveltinga på byrjinga av 1990-talet har profesjonaliseringa også nådd russisk fotball. Klubbar har blitt kjøpte og selde, lønene har gått opp og importen av utanlandske spelarar har tatt av. Fotballen er blitt profesjonell og opererer i Russland mykje godt som overalt elles i verda.

1.1 Avgrensing og struktur

Denne masteroppgåva blir ei todelt oppgåve med ein historisk del og ein del basert på ei empirisk utgreiing. Den historiske delen blir skrevet i kapittel 2 og den empiriske i kapittel 3. Kapittel 4 blir ei kort avslutning av oppgåva.

Denne oppgåva vil ikkje handle om spelet som skjer på banen og kampresultat, men med få unntak. Fotball utan resultat er sjølvsagt uunngåeleg, som til dømes når Stalin befaler at Sovjet ikkje fekk lov å tape, men tapte så har resultatet direkte innverknad på etterspelet til kampen.

Den første delen, kapittel to vil omhandle russisk fotball frå 1870-talet til oppløysinga av Sovjetunionen i 1991. Det er vanskeleg å dele historia opp i nøyaktige periodar, så også for denne oppgåva. Eg har tatt utgangspunkt i nokre viktige hendingar i russisk og sovjetisk historie, fotballens introduksjon i Russland på 1870-talet, maktskiftet i 1917 med tilhøyrande skifte i maktstruktur, utbrotet av andre verdskrig fram til Stalins daud i 1953 og frå perestrojka og framover til oppløysinga av Sovjetunionen.

På slutten av 1980-talet skjer det eit brot i sovjetisk fotball og det politiske aspektet blir ikkje lenger like stort. I dette kapittelet ser eg nærmare på kva rolle fotball spelar for folk i dagens Russland med utgangspunkt i mitt feltarbeid i St. Petersburg hausten 2007, difor vil denne delen stort sett dreie seg om fotball i St. Petersburg i dag.

Kapittel 3 byggjer på empiri som eg samla under feltarbeid i St. Petersburg hausten 2006 og tek for seg folks forhold til fotball. Fotballinteresse er for mange ein viktig faktor i dagleglivet og det finst ulike tilnærmingar til det å følgje ein klubb. Masja er ikkje interessert i fotball i det heile og har heller ikkje noko forhold til om Zenit gjer det bra eller ikkje, for Stas derimot har spelet til Zenit noko å seie for korleis humøret på pauserommet på fabrikken er dagen etter kamp. Viktor og Dima går begge på kampar, Viktor hugsar seriegullet til Zenit i 1984 og er svoren Zenit-fan, medan Dima heiør på laget Petrotrest som slik lenger nede i divisjonssystemet.

Oppgåva er om fotball, men er delvis også knytt til andre idrettar. Idrettspolitikk blir ikkje ført berre med tanke på fotball og ein kan ikkje skrive berre om fotball utan å sjå det i eit noko større perspektiv saman med andre idrettar.

1.2 Omgrepsavklaring

Med *fotball* meinast her ikkje berre det spelet som skjer på banen, men ei utvida tyding av ordet. Ein fotballkamp varer i 90 minutt, men for fotballinteresserte er fotball noko som lever i ein heile tida.

Uttrykket *politisk regime* er vagt og kan ha mange ulike innhold. I løpet av tidsrommet oppgåva spenner over det tre heilt klart ulike politiske regime: tsarisme (-1917), kommunisme (1917-1991) og demokrati (1991-). Eg vel å sjå på politisk regime som det styresettet som sit med makta. Den politikken som har blitt ført til ei kvar tid reknast i denne oppgåva for å vere politikken til det politiske regimet.

Eg prøvar å forklare ord og uttrykk gjennom heile teksta etter kvart som dei skulle førekomme. Nokon gonger er det skrevet i sjølve teksta, nokon gonger er det tatt med som fotnote.

1.3 Metode

I denne delte oppgåva har det vore naudsynt å bruke ulike metodiske tilnærmingar. Det hadde vore umogleg å nytte den same metoden både på den historiske delen og på den antropologiske delen.

Forholdet mellom kvalitativ og kvantitativ tilnærmingar har alltid vore spent. På den eine sida er det hevda: "If you can't count it, it doesn't count." Svaret kan vere: "If you can count it, that ain't it." (Grønmo 1996: 73).

1.3.1 Tekster

Den første delen spenner seg over eit langt tidsperspektiv der eg har lagt artiklar og bøker til grunn for det eg har skrevet. Det er ikkje mange, men dei som har skrevet om russisk fotball har skrevet interessant. Det aller meste er skrevet som artiklar i ulike tidsskrift og det har vore eit krevjande arbeid å finne fram. Briten, professor James Riordan ved har skrevet mykje og bra om sport i Sovjetunionen. Guttman (2003: 366) skriv at

The English historian James Riordan managed to rise above the tempests of Cold War rhetoric. Sport in Soviet Society mapped the many changes in Soviet sports policy, indicated the repressive aspects to which Wohl⁴ seemed blind and acknowledged the USSR's achievements in sport...

⁴ Andrzej Wohl, polsk idrettssosiolog. Skreiv mange artiklar for *The International Review of Sport Sociology* som kom ut i perioden 1966 til 1983. Han meinte som mange av dei andre austeuropearane som skreiv for tidsskriftet at "the USSR and its allies had overcome the 'contradictions' inherent in 'bourgeois' sports. Sports in

Noko av litteraturen er gamal, men det meste er skrevet etter 1990. Litteraturen som kom før 1990 har også vore til stor hjelp, men eg må då ta ekstra omsyn til at denne litteraturen var skrevet på ei tid då Sovjetunionen var meir lukka og vanskelegare å komme til kjeldene på enn den som vart til etter 1990, dette har ikkje vore noko problem.

Eg har for det meste brukt vestlege artiklar som grunnlag, dette er fordi eg har merka meg ein tendens i russiske bøker om fotball at dei er veldig oppramsande og resultatbevisste, utfallet av kampane og oppramsing av spelarar er viktig, men det er ikkje det eg har vore på utkikk etter. Lukosjak (1997) si bok *Futbol. Pervye šagy. 1860-1923* inneheld mykje fakta om spelarar og resultat som er fint å bruke som oppslag for å sjekke dette, men boka fortel ikkje noko om fotball og samfunnet rundt elles eller innverknaden på desse. Elles har eg nytta meg av aviser og heimesider for å sette meg inn i dagens fotball i St. Petersburg.

Informasjon om namneendringar på lag har eg fått fra <http://www.klisf.info/>, *Klub ljubitelej istorii i statistika futbola*, ei internettseite for russiske fotballstatistikarar og -historikarar. Kampresultat er sjekka opp mot www.rsssf.com - *The Rec.Sport.Soccer Statistics*, ein internasjonal database for fotballstatistikk som er veldig påliteleg når det kjem til kamputfall. Begge er kontrollerte og gyldige per 25.04.2007.

1.3.2 Kvalitativ metode

Hausten 2006 gjennomførte eg eit feltstudie i St. Petersburg kor eg intervjuva mine informantar. Eg valde kvalitative intervju og open observasjon for å samle empiri til den andre delen av oppgåva, eit opplegg der personane blir gjort kjent med kva som er hensikta med undersøkinga, blir kalla eit ope (eller direkte) opplegg (Hellevik 1999: 106). Eg var interessert i dei subjektive meiningsane til dei eg intervjuva og deira forhold til fotballen i St. Petersburg. Eg nytta også open deltagande observasjon, ein bakdel med dette er at det kan påverke dei deltagande slik at ikkje opplegget kan gjennomførast på ein tilfredsstillande måte (kontrolleffekt) (Hellevik 1999: 107). Det var ikkje alltid eg sa kva eg dreiv på med, men eg fortalte kva eg dreiv på med om nokon lurte, på mine stadionbesøk bar observasjonen preg av kontaktfri, passiv observasjon, der dei andre tilskodarane rundt meg ikkje visste at dei vart

Eastern Europe were not the ‘oasis of freedom’ envisioned by ‘bourgeois’ writers; sports were the incubator of ‘New Socialist Man.’” Dei same tankane vart formidla i *Theorie und Praxis der Körperkultur* og andre akademiske tidsskrift. Wohl såg på det sentraliserte statlege systemet som unikt frigjerande (Guttmann 2003: 366).

observerte og at eg prøvde å ikkje påverke dei andre. Av mine hovudinformantar er dei fordelt på ein som går på kampane til Zenit, ein som held med Petrotrest, ein som ikkje går på kampar, men som ser alt som er på tv og hører alt som går på radio om Zenit og ei dame som ikkje er interessert i fotball. I tillegg snakka eg med mange russarar om fotball generelt og brukte ofte dei høva til å teste ut påstandar som eg hadde fått frå andre, som til dømes spørsmålet om St. Petersburg er ein fotballby spurte eg mange.

Intervjua var opne ustrukturerte, men opne. Spørsmåla hadde ikkje svaralternativ, men vart stilt slik at den som respondenten kunne svare fritt. Eg noterte med penn og papir under samtalens. Eg valte å ikkje nytte bandopptakar av di eg var redd for at det ville skape ei stemning som var uvant for informantane. Utvalet av informantar er gjort med tanke på å intervju ein som ikkje er interessert i fotball og ulike gradar av fotballinteresse, så sant ein kan måle grad i dette. Eg har tatt utgangspunkt i folk som følgjer fotball tett, men har ulik tilnærming til det å følgje sin klubb på stadion og i media. Informantane var alle vel vitne om kva skriv oppgåve om, og det er eit tema som ikkje er ”farleg” og ingen hadde problem å seie det dei hadde på hjarte. Kva syn ein har på fotball er ikkje like farleg som å snakke om politikk i eit land der ein har fått meiningsane sine knebla i tiår.

Denne kvalitative delen har få informantar, Hellevik (1999: 97) nyttar omgrepet intensivt opplegg. I eit opplegg med få einingar kan det vere vanskeleg å teste hypotesar i ei forklarande undersøking.

Intensive undersøkelsesopplegg byr imidlertid på muligheter som kan oppveie slike ulemper. I tillegg til den detaljkunnskapen det gir om en enhet å ha kjennskap til dens verdier på en lang rekke variabler, gir et slikt undersøkelsesopplegg spesielt god anledning til å se enheten i et helhetsperspektiv. De mange opplysningene blir ikke løsrevne fragmenter, men kan ses i den sammenheng de står i til hverandre som deler av en helhet. (Hellevik 1999: 98).

Ein anna fordel er den personlege kontakta ein får med informantane som ein ikkje har mellom forskar og einingane i eit ekstensivt opplegg.

1.4 Idrettsforsking

Idrettsforskinga har gjennomgått fire trinn, det starta med eit medisinsk og pedagogisk aspekt. Bak den pedagogiske forskinga ligg det ein humanistisk antropologi og det har ofte vore

oppdragingsføremål som ligg bak (kyrkje, forsvar og skule), men rundt 1900 byrja forskinga å sjå på idrett som ein del av det totale samfunnsmessige biletet. Det tredje trinnet kjem i etterkrigstida og utover på 1960-talet då det vart utvikla eigne idrettsvitkskapar i meir kvalifisert forstand (idrettsfysiologi, idrettspsykologi, idrettssosiologi) kor det vart brukta kvalifiserte vitksaplege metodar. Grunnane var høgare utdanning blant folk flest, toppidrettens betyding, idrett vart synleggjort og til sist også underhaldningsfaktoren. Det fjerde trinnet er idrettsforsking som er styrt ut frå spesifikke ”idrettsproblem” der tanken er at metoden må tilpassast objektets eigenart (Breivik 1998: 108).

Internasjonalt byrja den sosiologiske idrettsforskinga på 1960- og 1970-talet. Dei første bidraga var for å få gjennomslag for at idrettsforsking var nyttig som forsking og tenderte til å vere strukturfunksjonalisme, korleis sosiale organisasjonar verkar (Frey og Eitzen 1991: 504). I Noreg vart Noregs Idrettshøgskule grunnlagt i 1968 og med det vart det enklare å samle eit miljø for idrettsforsking. I 1973 vart det første vitnemålet for hovudfag delt ut og i 1990 vart den første dr. scient. ferdig.

1.5 Om transkribering og bruk av russiske namn

Når det gjelder namn så nyttar prøvar eg for det meste å bruke dei namna som er allment kjent i Noreg eller Vesten. Der det er tvil vil eg bruke transkripsjonen Den gamle målmannen Лев Яшин blir til dømes omskriven som Lev/Lew Jashin/Yashin/Jasjin, men vil her skrivast Lev Jasjin. I oppgåva blir transkriberingsnormalen til Språkrådet forsøkt brukt så konsekvent som mogleg⁵. I litteraturlista blir *Scando-slavica*-normalen brukt. Eg har valt å ikkje nytte det kyrilliske alfabetet i oppgåva for forenkle lesinga til ikkje-kyndige i russisk då eg vil at både Russland-interesserte og fotballinteresserte skal kunne lese med mest mogleg utbytte.

1.6 Problemstilling

Organiseringa og eigarskap av fotball i Russland og Sovjetunionen har endra seg etter kven som har hatt den politiske makta i landet. Under prosessane til Stalin fekk også fotballspelarar gjennomgå, etter krigen har idrettsutøvarar blitt sendt rundt for å skape goodwill for landet, blant annen med å spele kamper i England etter krigen for å prøve å betre forholdet mellom dei to landa. På 1980-talet fekk sovjetiske spelarar dra til utlandet for å spele profesjonell fotball

⁵ <http://www.sprakrad.no/upload/9261/russ.pdf>.

som Rinat Dasajev (spelte i den spanske klubben Sevilla frå 1988). Med kapitalismens inntog i Russland på 1990-talet kom kapitalismen inn i russisk fotball også.

Kapittel to vil omhandle russisk fotball frå den kom til Russland fram til 1991. Etter kvart som samfunnet har endra seg har fotballen fylgt etter som vil vere utgangspunktet for denne delen av oppgåva. Dei siste åra har forskarar byrja å sjå på fotball si rolle for fremming av kollektiv identitet, for overføring av verdiar, for å arbeide for minsking av sosiale forskjellar og for fremming av politiske ambisjonar (Missiroli 2002: 2). Det er dette eg vil sjå på korleis det har virka i Russland og Sovjetunionen sidan fotball gjorde sitt inntog. Problemstillinga for dette kapittelet er korleis har fotballen blitt påverka av og gjenspegla politikken som til ei kvar tid har blitt ført i Russland og Sovjetunionen?

For den andre delen baserar seg på mitt feltarbeid i St. Petersburg hausten 2005 der eg intervjua folk, gjekk på fotballkamper og observerte fotballinteressa i byen. St. Petersburg skil seg frå Moskva på fleire måtar, dei er nest største by, har ikkje dei same resursane, ikkje det beste laget. Medan ein i Moskva kan velje eit lag av dei mange toppklubbane i byen har ein i St. Petersburg berre eit toppserielag. ”Alle” som er interesserte i fotball held med Zenit. For å finne det nest beste laget må ein sjå to divisjonar ned i divisjonssystemet der ein finn laga Zenit2 og Petrotrest.

I kapittel tre vil eg sjå på kva rolle fotball spelar for innbyggjarane i St. Petersburg.

For den empiriske delen vil eg finne ut om fotballen si rolle i byen. *Er Zenit eit lag som byens fotballfans kan vere stolt* av på same måte som den er stolt av Ermitasjen og Mariinskij-teateret for kultureliten?

2 Fotball og politikk i Russland og Sovjetunionen

It is perhaps worth pointing out that sport is virtually the only area (apart from space conquest) in which the USSR has been able to demonstrate superiority over the world's most advanced capitalist nations (Riordan 1993b: 31)

Fotball er ein stor sport over heile verda, så også i Russland. Den har si opphav i England der reglane for fotballen vart fastsett i eit møte mellom engelske klubbar i Cambridge i 1863. Det er desse reglane som er grunnlaget for den fotballen me kjenner i dag (Giulianotti 1999: 4). Sport har vore viktig for fleire regime både for å halde befolkninga aktiv og for å stille landet i eit godt lys i utlandet (Riordan 2002, Nymark 2002: 123). Dette kapitlet vil vise korleis fotballen har vorte påverka av regima i Russland og Sovjetunionen. Kanskje kan ein spegle samfunnet i det som skjer i fotballverda? Spennet er ganske stort frå Tsaren gjennom Josef Stalin til dagens Russland der marknadskreftene rår. Samfunnet har endra seg med makta, det har også fotballen.

2.1 Prerevolusjonær tid

Til Russland kom fotballen på 1870-talet, men den var ikkje så godt kjent i landet. Fotball vart introdusert til to byar på omtrent same tid, men uavhengig av kvarandre, desse byane var Odessa ved Svartehavet og St. Petersburg, dit den kom den med britiske sjømenn. Til Moskva kom fotballen nokre år seinare. Det er kjent at det i 1894 vart samla eit lag med engelske tekstilarbeidarar som skulle spele mot St. Petersburg. Mannen som samla laget var tekstilmannen, briten Henry Charnock. Han introduserte også spelet til russiske arbeidarar. I 1910 skreiv avisas *Moskovskie Vedomosti*⁶ at fleire fabrikkar hadde starta sportsklubbar for sine arbeidarar. Dette for at fabrikkeigarar ville høgne helsenivået til arbeidarar og halde dei vekke frå alkohol og der igjennom produktiviteten. Etter at fotball hadde blitt introdusert på fabrikkane rett utanfor byen spreidde sporten seg raskt over heile byen, forstadar og omkringliggjande byar, som regel med at folk tok tog mellom byane og jernbanearbeidarar som spelte mot jernbanearbeidarar frå andre plassar på toglinja (Frykholm 1997: 143f).

Allereie i 1910 var fotball den sporten som vart rekna for å vere den mest utbreidde og populære i Russland, noko den framleis er. Medan fotball i England vart spela på landet så var

⁶ *Moskva-nytt*.

sporten i Russland for det meste eit byfenomen. Fram til 1918 var sporten i vekst til trass for første verdskrig, revolusjon og borgarkrig i Russland, men på grunn av hunger, epidemiar og kulde stoppa veksten opp (Peppard 1982/83: 151).

Fotballspelarar kom frå nye klassar som kom i Russland med industrialiseringa. I eit marxistisk syn er industrialisering den viktigaste føresetnaden for framveksten av moderne sport. Allen Guttmann argumenterer med at moderne sport kjem berre med ”development of an empirical, experimental, mathematical *Weltanschauung*” (Peppard 1982/83: 152).

Victor Peppard nemner to grunnar til at fotball vart meir populært. Kulturen på denne tida vart kalla ”den russiske renessanse” og lyrikken hadde sin ”sølvalder”. Den første grunnen er den auka interessa for europeisk kultur. Dei russiske tenkarane interesserte seg for ein heil del av den vestlege kulturen. Ikkje berre kunne dei samanlikne seg med Vesten, men på nokre område vart dei også rekna som betre enn Vesten, som innan ballett og avantgardekunst.

Den andre grunnen var eit meir moderne, vitskapleg syn på verda i Russland som går på Guttmann sin argumentasjon om nødvendige fundament for moderne sport (Peppard 1982/83: 152). Også det at mange nasjonalitetar var i Russland var med å drive fotballspelinga framover. På grunn av industrialiseringa var det mange utlendingar som kom til landet, mellom anna skottar, engelskmenn og tyskarar.. Av dei første russiske fotballklubbane hadde mange sitt opphav blant utlendingar og etter kvart russiske lag. Namna på laga gjenspegla ofte kor dei hadde sin bakgrunn som Germany, Prussia og Victoria (Storbritannia).

I St. Petersburg tok det ei tid før fotballen vart sett på som ein ”vanleg” idrett. Den hadde sitt tilskodargjennombrot som pauseunderhaldning på sykkelløp i byen. Sjølv om fotball hadde blitt spelt i byen før, vart den første offisielle kampen arrangert i september 1893. Dit var det mange som gjekk og tilskodarane forstod at fotball er ein eigen type sport ein kan sjå utan at det var pauseunderhaldning i ein annan sport.

Kampane mellom byar startar allereie i prerevolusjonær tid. St. Petersburg er rekna for å vere byen som var ”vindauge mot vest”, sterkt påverka av Vest-Europa. Moskva på den andre sida er rekna for å vere ein russisk by både i form og ”*Weltanschauung*”. Byane har konkurrert i meir enn å vere best i fotball, mellom anna kven som skulle vere hovudstad har vore eit sentralt tema. Den første kampen mellom dei to byane vart spelt i 1907 med tusen tilskodarar,

i begge kampane sigra laget frå nord (Lukosjak 1997: 36). Fem år seinare vart kampen nord-sør utvida med at lag frå Odessa og Kharkov også vart med.

Etter krigsnederlaget mot Japan i 1905 vart det håpt at folk skulle vere med i eit slags statsorganisert program for fysisk fostring som skulle heve moral og integrasjon. Sport skulle halde arbeidarar og studentar unna revolusjonære aktivitetar. Men i det gamle politiske systemet var det vanskeleg for små organisasjonar å komme seg opp og fram utan å stille spørjeteikn ved den herskande reaksjonære ideologien og undergrave tsardømets fundament. Men regimet såg at sport kunne vere viktig for militær trening og prestisje i utlandet, men på den andre sida var regimet redd for at sportsklubar ville bli ein møteplass kor folk kom for å diskutere idear som ikkje vart kontrollerte av regimet og at dei ville utviklast til å bli eit senter for revolusjonær aktivitet (Riordan 1988).

Det russiske fotballforbundet vart grunnlagt i 1911⁷, noko som opna for at Russland kunne stille lag i den olympiske fotballturneringa. Fotball hadde vore olympisk grein sidan dei andre olympiske leikane (OL) i 1900 i Paris. I 1912 stilte Russland for første gong med fotballag i OL i Stockholm der dei tapte sine to fotballkamper, både mot Finland og Tyskland. Same året var det også registrert over 12 000 tilskodarar i snitt på kampane til Moskva-laget Morozovskij (Riordan 1988: 227) I juli 1914 var landslaget med i ei turnering i Sverige, men første verdskrig og indre problem satt ein stoppar for landskamper mot utanlandske lag fram til 1923 (Lukasjin 2002: 14).

Russland før revolusjonen var i rask endring, mange flytta inn til byane og forskjellen mellom det borgarlege og arbeidarklassen vaks. Frykholm (1997: 152f) skriv at

Soccer in pre-revolutionary Russia was an aggregation of new and dynamic cultural elements rapidly forging into everyday Russian life. It was a driving force behind the formation of neighbourhood, city, regional, and national identities. The foreign origins of the game and its appeal to predominantly younger generations eroded traditional cultural elements in Moscow as the city and its surrounding areas continued to undergo urban transformation. Perhaps most importantly, soccer in pre-revolutionary Moscow added to the growing tensions between bourgeois and working-class residents. Whereas in the Western context sport had often mitigated class differences, soccer in Moscow greatly exacerbated them.

⁷ Riordan 1988 skriv 1912, på nettsidene til Det russiske fotballforbundet står det 1911.

2.1.1 Organiseringa av fotballen før 1917

Etter at fotball var introdusert til det russiske folk vart spelarar og fabrikkeigarar som etter kvart organiserte i klubbar og ligasystem på grunn av manglande oppbakking frå styresmaktene (Riordan 1988). Klubbane vart i mange tilfelle grunnlagt av venegjengar, gjerne som budde i same gate og som spelte mot gjengar frå nabogatene og av utlendingar som jobba i landet. Peter A. Frykholm (1997) skisserar tre ulike ligasystem i Moskva som utvikla parallelt med kvarandre på slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet.

Den første og mest innflytelsesrike var byserien som bestod av amatørklubbar der medlemmar av utanlandske samfunn og velståande russarar kunne betale årlege medlemsskap i eliteklubbar. Den rådande ideen var at medlemmar av slike sportsamfunn ikkje skulle avgrense seg til berre ein sport. Eit av dei første laga som spelte fotball i Moskva var OLLS⁸ – Sportsklubben for dei som likte å gå på ski.

Den andre ligaen er *datsja*-byar lenka opp mot kvarandre gjennom jarnbanen. Det var ofte velståande byfolk som hadde slike hytter rundt Moskva. I tida før revolusjonen var det rundt Moskva 57 slike *datsja*-byar som var med. Denne eksisterte om sommaren medan folk var ute på *datsjaane*, medan det i Moskva om våren og hausten vart spelt fotball i by-seriar. Sesongmigrasjon gjorde dette naturleg, livegenskapen hadde blitt oppheva i 1861 og nye økonomiske og demografiske krefter førte til urbanisering i Russland. Frå 1856 til 1910 vart folketalet i St. Petersburg meir enn tredobla, medan det i Moskva vart meir enn firedobla (Moss 1997: 114). I åra før revolusjonen var det opp til 200 000 sesongarbeidarar som reiste til Moskva for å arbeide innan bygg, transport og industri og der lærte seg å spele fotball. Ein annan grunn var at mange reiste ut frå byen om sommaren og dei tok med seg sporten ut til *datsja*-byane.

Den tredje ligaen som blir skissert vart spelt av dei ”*dikie*”⁹. Dette var arbeidrarar som hadde sine eigne arbeidarlag. Arbeidrarar ved nokre fabrikkar hadde høve til å spele fotball som ein del av at fabrikkleiinga ville ha arbeidarane sine i form slik at dei kunne ha høgare produktivitet. Den første klubben som vart organisert av denne type spelarar var sportsklubben Ragozhskij. I 1911 vart det organisert ein liga for laga og i 1912 vann eit *dikij*-

⁸ Obsjestvo Ljubitely Llyzjnogo Sporta, forløpar til klubben TsSKA.

⁹ Vill, ”*outlaws*”. *Dikie* er fleirtalsforma, *dikij* i nominativ eintal.

lag ein kamp mot Morozovskij, eit elitelag frå Moskva. Arbeidarar hadde mest inga moglegheit å bli medlem i klubbar og serie og måtte ofte ta til takke med kummerlegare forhold. Organisert sport var dominert av overklassen (Windhausen 1976: 38). Dette markerar eit vendepunkt med at russarar i Moskva kunne konkurrere med mellom anna utlendingar og dei fekk større moglegheit til å delta i konkuransar. I 1915 vart byserien vunne av eit dikij-lag.

I 1897 begynte fotballspelinga å bli organisert i St. Petersburg. Reglane var dei frå England, men dei vart gjengjevne i eit blad som heitte *Samokat*¹⁰ som i utgangspunktet var eit sykkelblad. Spelarane var i byrjinga for det meste utlendingar, men russarar slapp lett inn på lag. I 1901 vart det organisert ein cup i St. Petersburg. Bakgrunnen var kampar mellom skotske tekstilarbeidarar (Nevka) mot britiske tekstilarbeidarar (Nevskij). Engelsmannen Thomas Aspden grunnla cupen for å finne ut kven som var best i byen. I 1902 kom også laget Sport til, eit lag beståande av russarar. Nokre år seinare var russiske lag bra nok til å slå engelske lag i deira eget spel og lag med berre russarar begynte å dukke opp over heile byen, deriblant også *dikie*. I 1901 var det 45 spelarar som var med i seriesystemet i St. Petersburg, men i år 1910 var talet oppe i over tusen og fotball hadde gått forbi sykling som den mest populære sporten i Russland. Ved utbrotet til første verdskrig vart det færre og færre britar i russisk fotball, sjølv om nokre enkeltspelarar vart att (Peppard 1982/84: 158).

I tida rundt revolusjonen er det lite som tyder på at kvinner spelte fotball, eller var med i nokon sport (Riordan 1991: 192).

2.1.2 Nordmenn i russisk fotball

Før revolusjonen var to nordmenn innom russisk fotball, Peter Oscar Serck og Kåre Johann Mathiassen, desse er interessante som døme på kva slags utlendingar som spelte fotball i Russland på den tida.

Den første nordmannen i russisk fotball var Peter Oscar Serck. Serck var født i Russland, men hadde norsk pass. Begge besteforeldra var nordmenn som hadde flyttet til Russland for å drive forretning. Serck var sjølv født i St. Petersburg i 1882 kor han vaks opp og utdanna seg til å bli ingeniør. Han spelte for laget Victoria i St. Petersburg (sesongane 1901, 1903, 1904,

¹⁰ *Sykling*.

1907 og 1914). Klubben vart stifta i 1894 og bestod hovudsakleg av spelarar frå England og Tyskland (Lukosjak 1997: 111). Serck er kanskje meir kjent som forretningsmann innanfor radiatorar og kjølesystem. Han bygde også opp ein radiatorfabrikk i England under første verdskrig. Han dreiv også med andre sportar, mellom anna symjing, segling og motorsport. Han døydde i 1924.

Mange av dei andre utanlandske spelarane på den tida var født i Russland av utanlandske foreldre, ofte frå Tyskland og England. Russland var på tidleg 1900-tal nært knytt til Europa gjennom handel, ikkje berre St. Petersburg, men også Odessa var ein viktig hamneby ved Svartehavet og Moskva som var ein viktig industriby. Mange utlendingar kom til Russland på grunn av dette og mange vart også verande mange år i Russland.

Kåre Johann Mathiassen vart født i 1894 i Noreg og i sesongen 1915 spelte han fotball for klubben Russko-Aziatsky Bank medan han arbeidde som telefonoperatør på telefonsentralen i Petrograd¹¹ (Lukosjak 1997: 152, Selliaas og Selliaas).

Mathiassen representerer den andre typen av utlendingar, dei som hadde kortare eller lengre ophald i Russland for å jobbe og samstundes spelte fotball for å halde seg i form og for det sosiale livet som kom med lagspelet. Det fantes klubbar både for utlendingar og for russarar samt dei laga som hadde ei blanding av begge.

Ser ein på lista over spelarar som spelte i ulike ligaer i St. Petersburg i tidsrommet 1901-1923 ser ein mange utanlandske namn som Andresen, Hagen-Torn, Garfunkel og Irvine. Fotballhistorikaren Lukosjak (1997) har laga lista innehold rundt 3000 namn på både russiske og utanlandske spelarar.

2.1.3 Ord og uttrykk – frå engelsk eller russisk?

Då fotballen kom til Russland var det ikkje til å unngå at ord og uttrykk var engelske. Russarane var vante til å høyre og bruke ord som *havbek*, *forward*, *golkiper*, *penal'ti-kik*. I staden for å seie *vodit mjatsj* sa dei *dribling*. Mange ord gjekk så inn i ordforrådet og vart russifisert, som det engelske verbet i imperativ *shoot* vart på russisk *shutuj* med russisk

¹¹ Petrograd var namnet på St. Petersburg 1914-24. I perioden 1924-1991 var namnet Leningrad.

imperativending (Frykholm 1997: 148). Etter kvart har mange ord blitt erstattat av russiske ord. Målvakt er blitt til *vratar'*, halvback er *poluzasjtnik*, skudd *udar* og så vidare.

Mange ord og uttrykk har sitt opphav i industrien eller frå det militære som formasjonsuttrykk som 4-4-2 eller 4-5-1, *zasjtsjita* forsvar eller *ataka/napadenije* angrep (Nymark 2002: 43 og AAS 2002: 6, 17).

Russisk fotballspråk kan minne om norsk fotballspråk. Mange ord og uttrykk kjem frå engelsk og mange er frå det lokale språket. Mange ord blir også brukt om kvarandre som på norsk hjørnespark og *corner* og *keeper* og målvakt. På russisk kan ord som *botinki* og *butsa* (*boots*) brukast om kvarandre for sko. Andre ord er som skrevet russiske, men til dømes straffespark på russisk blitt substantivert adjektiv *sjtrafnoj* (underforstått *udar*) frå det tyske substantivet *Straf* eller ein kan bruke ordet som kjem frå engelsk, *penal'ti* (AAS 2002: 46). Om prosjektet med å erstatte lånord med russiske ord var vellukka er eit anna spørsmål, sjølv om tilveksten minka etter revolusjonen (Benson 1958: 258). Sjølve fotballen (lérkula) blir enno kalla *futbol* og ikkje *nozjnoj mjatsj*, andre gonger kan ein høyre både det russiske og det engelske ordet, medan av og til er det berre det russiske ordet som blir brukt.

2.2 Frå revolusjon til krig

Då bolsjevikane overtok makta overtok dei samstundes også ei begynnande sportsrørsle. Vladimir I. Lenin, som sjølv var ein ihuga syklist, sa at

"Young people especially need to have a zest for living and be in good spirits. Healthy sport – gymnastics, swimming, hiking, all manner of physical exercise – should be combined as much as possible with a variety of intellectual interests, study, analysis, and investigation. [...] A healthy mind in a healthy body!" (Sitert i Riordan 1996: 49)

Sportsrørsla mangla både dei fasilitetane og den organiseringa som ein fann i industrialiserte vesteuropeiske sportsrørsler på same tid, men ein fordel var det i Russland, alt var sentralisert innan sporten. Med lærebøker på russisk og fleire andre tiltak hadde regimet før revolusjonen lagt idretten under kontroll slik at den ikkje skulle utvikle seg til å bli brukt til antimonarkistisk, liberale eller revolusjonære formål. Sovjet-regimet var i stand til enkelt å samle sporten etter maktovertakinga inn i ein statsorganisasjon. Det vart ikkje noko brot med det som hadde vore før revolusjonen innan idretten (Riordan 1988). Fotball gjekk frå å vere i hende på utlendingar til å bli overtatt av russarane, men organiseringa av fotballen var den

same rett etter revolusjonen som før, fotball i dei store byane verka upåverka av sjølve revolusjonen og eit elles så kaotisk samfunn enno nokre år (Riordan 1977: 154).

Eit problem for maktovertakarane var at dei ikkje visste korleis dei skulle organisere sporten. Dei hadde to moglege løysingar, begge var vestlege. Den første var profesjonell sport og den andre var den olympiske amatørismen. Med profesjonalisme var frykta at det ville bli til tumultar mellom spelarar på banen og blant tilskodarar på tribuna, kvinner måtte på det grunnlaget bli skåna og dermed utelukkast frå fotball. I 1926 vart det bestemt at klubbane skulle reorganiserast og at dei då ikkje skulle vere basert på regionar, men på fagforeiningar. Bakgrunnen for dette er innføringa av Ny Økonomisk Politikk (*NEP*), der fagforeiningane skulle inn i organiseringa og fekk meir å seie i samfunnet og politikken. I denne perioden vart det også lagt meir vekt *fizkultura* (fysisk fostring) enn konkuransesport, konkurransen var i synet til mange framand for sosialismen. Den vestleg manien med heile tida å ville sette nye rekordar vart også uglesett (Riordan 1996: 50). Sjølv om fotballen vart reorganisert vart den enno sett på som uforandra av det dåverande internasjonale fotballforbundet (Keys 2003: 417).

I denne perioden var sport organisert under Militærdepartementet. Obligatorisk verneplikt var innført i 1918. Riordan (1976: 94) skriv at

[...] already at the birth of the Soviet state, three vital ingredients of the sports policy – for health, defence and integration – were made explicit by the new regime.

Sport hadde ein oppdragande rolle for folk i helsespørsmål. Den skulle lære folk om hygiene, kroppsleg vedlikehald og ernæring.

Det var eit pedagogisk mål at befolkninga skulle få eit betre forhold til hygiene, men dette kunne også skje på fabrikken gjennom taktfaste slag med hammaren eller med sigden på jorda. Ei gruppe, hygenistane¹², meinte også at sport var bra for folk, men likte ikkje farlege og irrasjonelle sportar som boksing og ”individualiserande” gymnastikk, men også fotball var sett på som fysiologisk skadeleg for helsa (Krämer-Mandeau 1991: 264).

¹² Hygenistane var ei gruppe på 1920-talet som hovudsakleg arbeidde innan helsevesenet. Dei dominerte undervisninga i fysisk aktivitet, dreiv sportspresse og øvde innflytelse på politikken.

Fotball vart brukt for å minske innflytelsen frå religionar, spesielt islam som påverka store delar av det sosiale livet til folk i fleire regionar, også det sportslege, som vart sett på av mange religiøse leiarar som distraherande for menn og kvinner frå det religiøse og arbeid. Dette var også ein måte å nå jenter og kvinner på. Men religiøse leiarar brukte også fotball til å slå tilbake med og brukte fotball som antirussisk propaganda. I ein sentralasiatisk landsby vart fotballspelarar jaga ut etter at mulla sa at russarane hadde brakt dei ”djevelens hovud”, altså fotballen (Riordan 1980a: 114)

Russland har alltid vore eit land med mange forskjellege nasjonalitetar, og enno fleire nasjonalitetar kom til i åra etter revolusjonen. Sport vart brukt for å betre integreringa mellom dei ulike gruppene. Hygiene var også viktig, gjennom sport kunne ein nå store grupper av befolkninga for å betre haldninga.

I 1930 vart det bestemt at det skulle oppretta eit departement for sport som mellom anna fekk mandat til å organisere sport. Frå at folk sjølve organiserte lag og spelte hus mot hus, gate mot gate vart det bestemt at alle idrettslag skulle organiserast på arbeidsplassen og alle lag vart overført dit. I 1935 vart dei fleste idrettslag organisert under fagforeningsunionane som fungerte som paraplyorganisasjonar for idrettslag, til dømes Vodnik hørde til under fagforeininga for Sjø- og elvetransport og Stroitel representerte byggbransjen. Desse foreiningane hadde fire nivå, lokalt, regionalt, republikk- og unionsnivå. Frå 1935 vart toppdivisjonen i fotball allnasjonal (heile Sovjetunionen) med sju til åtte lag. I 1938 talet på lag oppe i 26 lag, men året etter var det 14 lag, eit tal som heldt seg stabilt i fleire tiår. Om ein spelte fotball på fabrikklaget til ein fabrikk som laga bilar så låg denne igjen under Torpedo som organiserte alle laga på alle bilfabrikkane (Riordan 1976b: 98).

Spartak var den første idrettsorganisasjonen av denne typen som vart grunnlagt. Spartak vart grunnlagt i mars 1935 i Moskva, men sprang ut frå ein klubb som allereie eksisterte, Presnaja, eit lite lag som spelte i parkar og små stadion i Moskva, i all hovudsak driven av Nikolaj Starostin og brør hans. Med omorganiseringa av fotballen i 1926 fann grunnleggaren Nikolaj Starostin ein sponsor til laget sitt som var fagforeininga for matarbeidarar¹³. Fram til 1935 skifta Spartak sponsor fleire gonger, men tapte terreng for politiets lag, Dinamo. Spartak kom

¹³ Klubbens supporterar nyttar ofte kallenamnet *mjaco* (kjøtt) om seg sjølv. *Svin'i* (grisar) blir sett på som ei fornærming.

så i kontakt med ei fagforeining som var sterkare, Promkooperatsija, samt sjefen i Komsomol¹⁴, Aleksandr Kosarev, som ville at Komsomol skulle auke sin innflytelse på sport generelt og at Spartak kunne vere ein klubb å engasjere seg i (Edelman 2002: 1447). Spartak vart under heile sovjetida sett på som klubben for folk tilsett innanfor kommunikasjon, helse, embetsverket, handel, kultur, utdanning og bygg. Den vart også kalla ”folkets klubb”, der vanlege folk som ikkje var tilsette i statlege organ kunne vere med.

Dinamo vart grunnlagt av Tsjeka¹⁵, med leiaren Feliks Dzerjinskij, den ekstraordinære kommisjon for kamp mot kontrarevolusjon og sabotasje i 1923 og vart under heile sovjetida rekna for å vere laget for kvitsnippet i Innanriksdepartementet. Då Tsjeka tok initiativet for å danne ein sportsklubb var det for tilsette og tilhøyrande til Tsjeka, og klubben skulle vere tett knytt til politiet og dei hemmelege tenestene. Namnet Dinamo skulle stå for energi, rørsle og styrke. Dzerjinskij meinte at sport var viktig for å utvikle styrke, snarrådighet, mot og uthalde blant sine tilsette. Etter kvart byrja Dinamo også å bli ein klubb for tilsette i politi, grensevaktar og sikkerheitspersonell (Riordan 1996: 52). Vasilij Mantsev (1889-1939) var med å grunnleggje Dinamo og var ein av dei første trenarane i klubben. Han vart myrda i 1939 etter å ha blitt tiltalt for å vere venstreoppositionell (Riordan 1994: 689)

Klubbane Dinamo finn ein over heilt Russland og Sovjetunionen, til dømes Dinamo Kiev, Dinamo Moskva, Dinamo Minsk med fleire. Klubben fekk ansvaret for den fysiske treninga til bolsjevikanes skjold og var den klubben som fekk mest midlar til rådighet på 1920-talet frå staten, men Dinamo fekk aldri noko stor støtte bladt arbeidarane som utgjorde den store supporterskaren på den tida (Edelman 2002: 1441). Noko av grunnen kan vere at laget var organisert frå toppen og ned, folk følte ikkje den tilhøyra til Dinamo som ein fann i Spartak som var basert på venegjengar og var organisert frå botn og opp. I 1937 fekk Dinamo Leninorden for det dei hadde oppnådd i sport. Totalt har utøvarar frå Dinamo tatt rundt 170 olympiske gullmedaljar.

¹⁴ Komsomol, kommunistisk-sosialistisk ungdom, ein masseungdomsorganisasjon i Sovjetunionen.

¹⁵ Statleg sovjetisk sikkerheitsorganisasjon, vart i 1922 omorganisert og lagt under NKVD (Narodnyj Komissariat Vnutrenikh Del, Folkekommisariatet for innanrikssaker, ansvarleg for Gulag. Forløparen til KGB, Komitet Gosudarstvennoj Besopasnosti, Komiteen for statleg sikkerheit).

I Innanriksdepartementet var ikkje alle like tilfredse med suksessen til Spartak på 1930-talet og skulda klubben for å vere borgarleg både på grunn av ein vestleg spelestil og ein vestleg modell å drive forretning på¹⁶.

Å vere god i fotball og sport var viktig for Sovjetunionen på 1930-talet. I Sovjetunionen vart det rekna på lik linje å vere god i sport som å vere god arbeidar. Det oppmuntra også til konkurranse blant massane av vanlege idrettsutøvarar og oppnå stoltheit blant tilskodarar. Sportens internasjonale betydning stamma delvis frå følgjene av Stalins doktrine om muligheita for å bygge sosialisme i eit land, ei doktrine som ”gjenoppliva” i ny form hele kulten om russisk messianisme (Riordan 1980a: 116). Under Stalin vart det utover 1930-talet også større aksept for konkurranse og rekordar (Hollesen 2007: 56).

Med at fotball og idrett generelt var sær populært, vart det også satt i gang bygging av stadionanlegg. I Leningrad vart Kirov stadion bygd med plass til 150 000 tilskodarar, i Baku vart Bagirov stadion bygd for 80 000 tilskodarar. Stalin Izmailovskij stadion i Moskva vart aldri bygd, men var planlagt for 250 000 tilskodarar (Riordan 1977: 159). Mange stadion vart omdøypt og fekk namn etter kjente kommunistar (Kolomjaki stadion vart til dømes Lenin stadion¹⁷).

Internasjonalt tok Sovjetunionen opp arva frå Russland med å spele fotballkampar mot Finland i 1923¹⁸. Seinare på året reiste spelarar frå Moskva og Petrograd rundt i Europa for å spele fotballkampar mot svenske, finske, estiske, tyske og norske lag. Dette delvis for å drive propaganda for det nye politiske regimet i Sovjetunionen, gjennom bra fotball og sigrar mot lag frå andre land kunne eit bra bilet av Sovjetunionen i utlandet dannast hjå europearane. Då laget til slutt kom til Tyskland var det over 10 000 som hadde møtt opp for å sjå kampen, trass i lite annonsering. Med skuffelsen var stor då spelarane ikkje viste den venta ”proletarske” innstillinga med å vere påfallande arrogante overfor vertane og dei andre laga sine spelarar. Det viste seg at Det øverste råd for sport hadde tatt ut spelarane utelukkande på grunnlag av sportslege kriterium for å vise overlegenhet i sport og ikkje dei spelarane som var politisk

¹⁶ Spartak både betalte betre og fekk pengar for sigrar.

¹⁷ Stadion imeni Lenina, eller Stadion oppkalla etter V. I. Lenin.

¹⁸ Den første ”internasjonale” fotballkampen var mellom eit russisk lag og utanlandske delegatar på Den andre kongressen av Den tredje internasjonale, ein kamp der John Reed (forfattaren av *Ten Days that Shook the World*) og William Gallagher (seinare leiar i Det britiske kommunistpartiet) var med å spele.

best skikka, altså som hadde ei kommunistisk overtyding og oppførte seg deretter. I november 1924 vart dette tatt opp i Den raude sportsinternasjonale:

Allen Mitgliedern des Kommandos müssen die politischen, organisatorischen und finanziellen Aufgaben der Kommandierung erklärt werden, damit jedes Mitglied des Kommandos für seine Handlungen die Verantwortung trägt. Außerdem müssen als praktische Direktiven gegeben werden: z. B.. mit den bürgerlichen Sportorganisationen keine Beziehungen zu unterhalten, nur 2-3 bestimmte Genossen haben das Recht sich interviewen zu lassen, niemand darf Komfort verlangen, Trinken usw. [...].¹⁹

Med å vere sportsleg overlegne og samstundes ha dei rette haldningane skulle idrettsmenn gjenspegle det samfunnet dei representerte. Då eit fotballag frå Kharkov var i Dresden i 1925 var dei tyske vertane imponerte over at laget var så bra og at spelarane i tillegg kvar dag gjekk på fabrikken for å arbeide, noko dei kunne bevise. Men det skjedde også ofte at lag frå Sovjetunionen ikkje presterte bra sportslig, noko som ofte førte til hånlege merknadar frå tribuna og i utanlandsk presse. I 1926 hadde over 5000 møtt opp på jernbanestasjonen i Stuttgart for å ta imot eit russisk lag som plutsleig hadde bestemt seg for å møte opp ein dag seinare. Dette førte også til at finalekampen vart utsett ein dag og arrangøren tapte pengar på kampane då det kom mykje færre tilskodarar.

I 1934 var ein fotbaldelegasjon i Tsjekkoslovakia og skulle konkurrere mot profesjonelle spelarar. Turen, som vart det første møtet mellom ein sovjetisk klubb og ein borgarleg klubb, var ein del av å knyte tettare band til Tsjekkoslovakia etter landet hadde utvida offisiell godkjenning av Sovjetunionen i juni same år (Keys 2003: 422). Spartak Moskva møtte Židenice Brno, eit av dei betre laga i Tsjekkoslovakia. Sigeren til Spartak bekrefta at sovjetisk fotball var god nok til å vinne over eit kapitalistisk lag. Det var ikkje berre ein siger for Spartak, men for eit heilt land. Sigeren førte også til at sovjetiske klubblag oftare fekk lov av eigne myndigheter til å møte vestlege lag, både i Sovjetunionen og i utlandet.

Den raude sportsinternasjonale vart rekna som ein del av det sovjetiske propagandamaskineriet og fungerte i perioden mellom 1921 og 1937 som ein masseorganisasjon til Den kommunistiske internasjonale (Komintern) (Gounot 2002: 77). Det

¹⁹ "Protokol der Sitzung des Sekretariats der RSI (Rote Sportsinternationale) vom 14.11.1924", *Russisches Zentrum für Aufbewahrung und Erforschung der Dokumente der Neuesten Geschichte* (RZAEDNG), 537, I, 82. Sitert i Gounot 2002: 80.

var difor viktig at når sovjetiske idrettsfolk reiste utanfor landet grensene at dei då også gjorde eit godt inntrykk der dei var.

Sjølv om fotball var ein tradisjonell sport for menn, var det fleire og fleire kvinner som spelte, og i 1940 var det nok lag til å lage ein eigen serie for kvinner. Serien overlevde ikkje krigen. Dette til trass for at Lenin meinte at sport kunne hjelpe kvinnernas emansipasjon og at det var viktig å få arbeidande kvinner med i idrett (Riordan 1976a:159)


2.2.1 Fotball i forsvarsøyemed

Riordan (2002) samanliknar i ein artikkel Sovjetunionen (1917-1991) med Tyskland (1933-1945), Spania (1936-1975) og Italia (1922-1944) og kva rolle sport hadde politisk for dei einskilde landa. Her listar han opp fleire felles punkt

- *All were authoritarian and hostile to liberal political institutions;*
- *All tended to favour the military and foster a secret police capable of exercising physical coercion;*
- *All tended to be nationalistic, partly because of resentment against foreign states, lost wars or insufficient empires, partly because flag waving was a way of both legitimacy and popularity. In the case of the Soviet Union, true, it initially declared itself to be internationalist, but from the late 1920s it eschewed world revolution in favour of building a strong Nation State; it also promoted loyalty to a Soviet ideological nationhood rather than to a specific nationality;*
- *All gloried in mobilising the masses and maintained this symbolically in the form of public theatre and fanatical devotion to The Leader: the Red Square marches before Stalin atop the Lenin Mausoleum, the mass pageants on the Piazza Venezia looking up to Mussolini, the Nuremberg rallies in the presence of Hitler;*
- *All took sport under state and Party control, accorded it high political priority and used it to promote national unity at home and political prestige abroad.*

I og med at det ikkje vart noko av verdsrevolusjonen vart målet å gjere Sovjetunionen til ein sterkt nasjonalstat med tyngdepunktet på nasjonsbygging. Sport stod for ein ”rein” måte å leve på, framsteg, bra helse og rasjonalitet. Det vart sett på som ein billig måte å sette sosiale mål ut i praksis på. Velhaldne vestlege, private klubbar og kommersielle aktørar skulle ut av sporten. Inn skulle offisielle aktørar, dei to største var Armeens sportsklubbar og Dinamo. Dei hadde også ansvar for sportsskular, nasjonale helseprogram og uniformgradssystem i individuell sport.

Nasjonale helseprogram nytta i byrjinga frå 1931 seg av Lord Baden-Powell sine merke og gradar, og dei brukte også hans motto som førebilete: *Bud' gotov k trudu i oborone (GTO)*, ver førebudd til arbeid og forsvar. I sovjetunionen vart atletar også graderte etter nivå, på toppen var Merittert meister av sport av Sovjetunionen, neste nivå var . Kort sagt, sport vart ein politisk, sentralstyrt institusjon driven av Kommunistpartiet.



Figur 1: Sportstitlar og rangeringspyramide, 1974²⁰(Riordan 1974:325).

Også i Italia vart sport ein del av det statlege systemet og i 1933 var sport blitt ein del av Partiet. Innanriks skulle sport brukast til massemobilisering og for å skape ein soldatborgar. Gjennom denne transisjonen vart sport også her sett på som ein del av utanrikspolitikken,

²⁰ Aktive sportsmenn var offisielt definert som medlemmar av ein sportsklubb som deltek i sport eller fysisk aktivitet under rettleiing av instruktør i minimum 6 månader, minst to gonger i veka. *Massovost'* er masseidrett, *Masterstvo* er idrett på høgt nivå. I originaltabellen ser det ut til at *Men* og *Women* er bytta om på *Badge Holders*-nivået, det skal antakeleg vere *Men* 19-39 og 40-60 og *Women* 19-34 og 35-55 på bakgrunn av pensjonsalderen i Sovjetunionen som var 55 for kvinner og 60 for menn.

ikkje berre for å slå politiske motstandarar på idrettsbanen, men også for å oppretthalde kontaktar til venlegsinna land og reklamere for den italienske fascismen. I OL i Los Angeles i 1932 vart Italia nest beste nasjon og verdsmeisterskapet i fotball i 1934 på heimebane vart ein opptur krona med italiensk siger og i 1938 vart det eit nytt VM-gull i fotball, entusiasmen for fascismen i Italia var stor, dei kunne vise at dei var verdas beste, før dei vart involvert i, og tapte, ein ekspansjonskrig (Krüger 1999: 79). I Tyskland kom Adolf Hitler til makta i 1933 og han var imponert over kva dei hadde fått til i Italia. Også i Tyskland vart sporten sentralisert, først vart alle kommunistiske sportsorganisasjonar avskaffa, så vart alle sosialdemokratiske sportsorganisasjonar lagt ned, før den i 1938 kom fullstendig under partikontroll (Krüger 1999: 69). Dei olympiske sommarleikane vart arrangerte i Berlin i 1936, medan vinterleikane var i Garmisch-Partenkirchen. Over tre millionar kom for å sjå Berlin-OL, to millionar meir enn det hadde vore i Los Angeles fire år før. Goebbels, propagandaminister, og Hitler såg at Tyskland vart beste nasjon og at det tyske folk var sterkt. Spania førte som dei andre landa også sport inn under partikontroll. Den viktige spanske sporten var fotball. Real Madrid var med på at Spania fekk brytt med sin isolasjon. Dei gav også spansk statsborgarskap til bra utanlandske spelarar, men i motsetnad til Tyskland og Italia som hadde både betre råd og meir erfaring innan sport måtte Spania satse meir på ein idrett. Felles for alle landa var, på trass av ulike politiske ideologiar, at dei hadde makt å mobilisere ungdommar (Baumann 1988: 154)

Gjennom å knytte parti og sport fekk regima moglegheit til å kontrollere, rådgjeve og rasjonalisere fritidsaktivitetane til folk. Alle landa hadde ei ”teatralisering” av sporten gjennom bruk av ritual og symbol, gjerne knytt opp mot internasjonale sportsevenement som OL (fakkel, nasjonalsongar, flaggbruk, innmarsjering på stadion). Militærising var eit anna element, militæret eller paramilitære grupper sponsa, trena og finansierte gode atletar, ofte med å gje dei militære gradar, tilgang til fasilitetar og moglegheita til å trene fulltid. Sport vart aktivt brukt av alle landa for å samle heime og vise seg ute. System vart organisert for å finne talent og lønne dei i eit graderingssystem. Ofte fekk dei moglegheita til å trene og leve som profesjonelle, men i og med at dei formelt ikkje var proffar fekk dei delta på amatør- og studentstemne.

Mange sovjetborgarar vart tatt av dage under Stalin-prosessane, mellom anna vart alle dei fem sportssjefane mellom 1931 og 1938 avretta. I Sovjetunionen vart også kvinner og minoritetar oppmoda til å drive med sport, mange vart suksessrike idrettskvinner og -menn. Den kanskje største ideologiske forskjellen mellom Sovjetunionen på den eine sida og Tyskland, Italia og

Spania på den andre sida var den offisielle grunngjevinga for militær sportsleg nytteverdi. I det sovjetiske slagordet står det at ein skal vere budd til *forsvar*, medan Tyskland, Italia og Spania var aggressive og idrett var knytt til *territorial ekspansjon*²¹. I Sovjetunionen vart arbeid definert som det viktigare enn forsvar. Befolkinga budde spreidd utover heile landet, men den politiske leiinga hadde som mål at folk over heile landet skulle inn og arbeide i industrien.

2.2.2 Spartak, utreinskinar og Nikolaj Starostin

På 1930-talet satt Stalin i gang prosessane for å bli kvitt motstandarar av Sovjetunionen, historia om Nikolaj Starostin viser at fotballspelarar var heller ikkje unntatt utreinskingane som skjedde. Ingen er sikre på kor mange idrettsutøvarar som vart tatt av dage og formenn for Det øvste råd for fysisk fostring vart heller ikkje sparte (Hollesen 2007: 49)²². Starostin var både fotballspelar og ishockeyspelar (han var på landslaget i begge) og grunnleggjaren av klubben Spartak.

Nikolaj Starostin (1902-1996) var eldst av fire brør frå Moskva som spelte fotball. Om vinteren spelte Starostin ishockey og om sommaren spelte han fotball. Han var faktisk kaptein på landslaget i begge idrettane. Faren deira var jeger, men etter han gjekk vekk i 1920 måtte dei selje våpna hans for å greie seg. Då var Nikolaj 18 medan brørne Aleksander var 16, Andrej 12 og Petr 10 år. Nikolaj tok på seg oppgåva med å forsørge familien. Han vart tidleg involvert i sport og dette gav han etter kvart ei inntekt han kunne forsørge familien med. Sport var for mange moglegheita til å komme seg ut av fabrikken, men det var få som greidde det (Edelman 1990: 45).

Som idrettsutøvar kom han i kontakt med Aleksandr Kosarev som var sekretær i Komsomol og medlem av Politbyrået. Komsomol hadde på 1930-talet sterkt påverknad på sporten i landet, mellom anna var sportsministeren Ivan Khartsjenko tidlegare Komsomol-sjef. Starostin foreslo for Kosarev å grunnleggje ein sportsklubb i tillegg til Dinamo og TsSKA som låg under politiet og armeen. Den nye klubben skulle vere for vanlege folk, primært for dei som var tilsette innanfor konfeksjon, lær-, tekstil- og matindustrien. Klubben skulle bære

²¹ Etter underskrivinga av ikkje-aggresjonspakta i august 1939 vart Baltikum, Polen og Finland invadert, men det var ifølgje Riordan (2002: 273) i prinsippet å ”shore up its border defences” meir enn å utvide grensa.

²² Nikolaj Antipov, Vasili Mantsev, Ivan Khartsjenko, E. L. Knopova og Aleksandr Zelikov var alle høgt oppe i politikken med ansvar for sport, alle vart avretta eller forsvann i perioden 1933-1941.

namnet Spartak etter den tyske Spartakusgruppa som vart danna av Karl Liebknecht og Rosa Luxemburg som igjen hadde oppkalla gruppa etter Spartacus, leiaren for slaveopprøret i Roma 73-71 f. kr.

Spartak skulle ikkje vere nokon paramilitær organisasjon eller bli overstyrt av andre organisasjonar, klubben skulle drivast av utøvarane sjølve. Pengar fekk dei frå ulike kooperativ, og etter kvart kom også andre idrettar som symjing, riding, basketball og volleyball til. Innan fotball skulle Spartak fort bli ein rival til Dinamo, noko som har heldt seg opp til i dag. Folket mot politiet – ein slags klassekamp i eit klasselaust samfunn, der Spartak vart rekna som laget til dei lågare klassane mot Dinamo sine noko høgare klassar. Politiet var sett på som ein del av det systemet som hadde kontrollen og makt og dermed overklasse i det sovjetiske samfunnet, medan folket var på den andre sida, dei som ikkje hadde makt og underklasse.

På trass av sportslege oppturar og nedturar var det Spartak som var det store publikumslaget, ikkje berre i Moskva, men også i Sovjetunionen totalt (Edelman 2002: 1441). Grunnen til at Spartak fekk denne posisjonen var fordi klubben vaks fram frå gatefotballen før revolusjonen til å bli institusjonalisert under Sovjetunionen. Dei hadde sin beskyttelse høgt oppe i det politiske systemet og fekk slik ein viss fridom til å drive. Nettverket til Spartak var naudsynt for å drive for det var mange som, spesielt i politiet som arbeidde for at Dinamo skulle vere rådande. Under Stalin var det mange med antiautoritetshaldningar på Spartaks kampar som vart heldt under oppsyn av politiet og

therefore, it is interesting to note the stadium was one of the few places in the USSR where a person could shout 'kill the cops' and not suffer serious consequences (Edelman 2002: 1449).

Om tre personar provoserte politiet på gata kunne dei få problem, men når tusenvis ropte skjellsord på tribuna vart det oversett. Dette seier litt om statusen til fotballen i Sovjetunionen at dei ikkje hadde noko val, men måtte tillate denne typen publikumsopphopingar (Edelman 2002: 1449). NKVD likte det ikkje, men forstod betydinga av uttrykket som vart brukt: ”Fotball - meir enn eit spel”²³.

²³ Fotball – meir enn eit spel (*Futbol – bol'sje tsjem igra*) vart i 2005 slagordet til det russiske fotballforbundet.

Fram til 1936 var Dinamo den leiande klubben med seks lag i toppen. Men Spartak ville utfordre hegemoniet, og på Idrettens dag²⁴ i 1936 fekk Kosarev planlagt ein fotballkamp på Den raude plass ved Kreml med Stalin til stades. Dinamo trakk seg frå kampen av di dei var redde for at ballen skulle treffe Kreml-muren eller enno verre Stalin sjølv (Riordan 1994: 682). Det enda opp med at Spartak spelte ein oppvisningskamp der Nikolaj hadde med seg sine tre brør på laget. I frykt for å keie Stalin hadde Starostin og Kosarev planlagt at når Kosarev, som stod ved sida av Stalin på Lenin-mausoleet, vifta med lommetørkledet skulle kampen avsluttast. Kampen var planlagt å vare i 30 minutt, men Stalin likte det han såg og kampen vart ikkje avblåst før etter 43 minutt.

TsSKA og SKA er forkortingar for Tsentral'nyj sportivnyj klub armii²⁵ og Sportivnyj klub armii²⁶ og er armeens idrettslag. TsSKA vart grunnlagt i 1923 i Moskva på bakgrunn av at ein skulle bygge og forsvare sosialismen som hadde vore eit prinsipp sidan 1918. Den tok over for ulike militære idrettslag (Baumann 1988: 151). Mange av atletane i desse klubbane var formelt sett i Armeen, men var i røynda profesjonelle idrettsfolk²⁷. Grunnen til dette kan i stor grad forklarast med at sportsfolk ikkje skulle vere profesjonelle (mellan anna på grunn av den olympiske amatørismen), dette var ein enkel måte å unngå det problemet på (Riordan 1976b: 98).

SKA fanst i alle dei 16 militærdistrikta i Sovjetunionen i byar som Leningrad, Sverdlovsk og Khabarovsk, men hovudtreningsanlegget ligg i Moskva (Ts-en i TsSKA betyr *Tsentral'nyj*, sentral, med andre ord Moskva). Klubben vart rekna som den mest prestisjefulle i Sovjetunionen, men var langt frå det beste fotballaget.

I tida mellom 1923 og 1960 fekk klubben stadig nye namn. 1911-1922 OLLS, 1923-1928 Opytno-Pokazatel'naja Plossjtsjadka Vseobutsja (OPPV), 1928-1951 Sportivnyj Klub Tsentral'nogo Doma Krasnoj Armii (TsDKA), 1951-1957 Sportivnyj Klub Tsentral'nogo Doma Sovjetskoj Armii (TsDSA), 1960- Tsentral'nyj Sportivnyj Klub Armii.

²⁴ *Djen fizkultura*.

²⁵ Armeens sentrale sportsklubb.

²⁶ Armeens sportsklubb.

²⁷ Kallenamnet til TsSKA er *Koni* (hestane) fordi mange av spelarane tenestegjorde i kavaleriet.

I 1936 vart det også innført ein nasjonal serie og cup for både fotball, basketball og ishockey. Fram til no hadde seriane bestått av bylag, men frå no av vart det nasjonalt. Organiseringa av den nye serien og cupen var etter vestleg modell. Cup-spelet vart spelt likt det olympiske, og det som hadde slått igjennom i Vesten, etter utslagsmetoden (Keys 2003: 428). Både Dinamo, Burevestnik²⁸ (studentar), Torpedo, Lokomotiv (jernbanetilsette og familiene deira) og armélag var representert i den nye serien. Om sport ikkje hadde vore likt av alle på grunn av konkurranselementet, forsvann den haldninga no.

Torpedo vart grunnlagt i 1924 under namnet Proletarskaja kuznitsa. 1930-1932 Avtomobil'noje moskovskoje obsjtsjestvo, 1933-1936 Zavod imeni Stalina og frå 1936 Torpedo. På 1990-talet vart namnet igjen ofte skifta, 1996 Torpedo-Luzjniki, 1996 Torpedo-Luzjniki-Moskva, 1996-1998 Torpedo-Luzjniki og frå 1998 igjen Torpedo. Dette fordi eigarskapen til klubben vart endra, og dimed vart også namnet endra.

Burevestnik var dei studerande sin idrettsklubb. På sovjetiske universitet var sport obligatorisk dei to første åra av graden (som vanlegvis var på fem år). Om studentane ikkje klarte å bestå den obligatoriske testen på slutten av skuleåret kunne dette hindre dei frå å fortsette studiet. Utanom dette var gym og idrett frivillig og ein kunne drive idrett i fritida i Burevestnik.

Planpolitikken gjekk også inn i sport og akademia. Burevestnik var studentklubben og var ansvarleg for å sikre at den planlagde prosenten av studentar som skulle drive med sport vart oppfylt. I tillegg skulle eit visst tal av rangerte utøvarar produserast kvart år (Riordan 1975: 15). Klubben var berre ein sesong oppe i sovjetisk fotballtoppserie, i 1938, men har spelt ein viktig rolle for å fostre fotballspelarar og utøvarar i andre sportar enn fotball.

Burevestnik-medlemmar tok til saman 123 OL-gull for Sovjetunionen. Mange av utøvarane var offisielt studentar, men fungerte i praksis som profesjonelle.

Dei største rivaloppgjera i fotball var (og er framleis i dag) mellom Spartak og Dinamo. Sjefen for politiet, Lavrentij Berija, hadde blitt ærespresident i Dinamo i 1936 på same tid

²⁸ Dagens toppserieklubb Tom' frå Tomsk vart starta som Burevestnik. Den har også vore Torpedo i to omgangar.

som Spartak hadde Kosarev som var Komsomol-sjef. Kampane reflekterte også kampen mellom politiet og Komsomol som begge kjempa for å få kontroll over sport. Det første seriemeisterskapet vart vunne av Dinamo medan Spartak tok cupen. Året etter var det motsatt, Spartak vann serien og Dinamo vann cupen. Dei to etterfylgjande åra vann Spartak både serie og cup²⁹.

Berija ville i 1938, rett før han overtok leiinga av NKVD, igjen omorganisere serien slik at den hadde eit lag frå kva av republikkane (geografiske kriterium og ikkje sportslege). Denne ”sovjetiseringa” vart avslått med den grunngjevinga at det ikkje var lov å gjere det slik i internasjonal konkurranse (Keys 2003: 429). Sjølv om Sovjetunionen ville gjere alt på sin måte, måtte dei ta omsyn til internasjonale lovar og reglar. Internasjonalt var det inndelinga etter nivå (seriesystemet byggjer på at dei dårlegaste laga må ned eit nivå, dei beste laga i ulike nivå går opp eit nivå) og ikkje etter geografi.

Under utreinskingsprosessane på 1930-talet vart mange idrettsutøvarar tatt. Starostins svoger som spelte for Spartak, Vladimir Strepikhlejev som var sjef i Burevestnik, Viktor Rjabokon som var første sjef i Lokomotiv og fleire til forsvann. I 1938 vart Kosarev arrestert og fekk skuldinga fiende av folket og vart seinare avretta.

Berija hadde sjølv spelt fotball på høgt nivå i Georgia (Stalin hadde også spelt fotball i Georgia, men på lågare nivå), mellom anna spelte han ein gong for sitt georgiske lag mot Spartak med Starostin på laget og tapte. Berija var på så å seie alle heimekampane til Dinamo Moskva, politiets lag, om han hadde moglegheit til det. Heile sitt liv var Berija ein fanatisk fotballfan. Det gjekk ein gong så langt at han forlanga omkamp i cupen, i 1939 var han slettes ikkje nøgd med at Dinamo Tbilisi tapte i semifinalen i cupen mot Spartak i Moskva. Og i og med at dommaren i kampen var ein tidlegare Dinamo-spelar, såg ut til at alt skulle vere i orden og at tapet var rettferdig. Dermed kunne ein ikkje klage på dommaren i og med at han var på ”lag” med Dinamo. Spartak spelte deretter cupfinalen mot Stalinets³⁰ frå Leningrad og vann kampen 3-1. Men etter finalen var ferdig fann Berija ut at semifinalen ikkje var gyldig likevel og forlanga semifinalen spelt om att. Kampen vart spelt med ny dommar og igjen vann Spartak. Finalen vart ikkje spelt om att, den hadde Spartak allereie vunne.

²⁹ Spartak fekk Lenin-orden i 1937 og klubbens idrettsutøvarar tok til saman 111 OL-gull.

³⁰ Ordet har sitt opphav i Stalin.

Tre år seinare, i mars 1942, vart Starostin fengsla. Han satt to år i Lubljanka-fengselet³¹ sentralt i Moskva. Dei tre andre brørne var også fengsla. Tiltala var

Nikolai Petrovich Starostin publicly praised bourgeois sport and endeavoured to instil into our sport the mores of the capitalist world
(Riordan 1994: 684)

Han hadde fått 80 rublar i månaden i Spartak som han kunne forsørgje familien med, men det var tydelegvis gløymt at denne betalinga var godkjent av staten. I november 1943 vart dei fire brørne stilt for retten og kjent skuldige. Straffa vart på ti år i arbeidsleir, til trass for partimedlemskapet. Mange som ikkje var medlemmar fekk berre åtte år. Starostin sendt i Gulag³², men han fekk visse privilegium. Han var kjent som fotballspelar og fekk bruke mykje av tida til å trena lokale lag der han var. Av dei laga han trenna var det også Dinamo-lag. Fotballen hadde blitt hans bane, men også hans redning (Edelman 2002: 1457).

I 1948 vart Starostin vekt opp ei natt om at Stalin ville snakke med han. Det var Josef Stalins son Vasilij Stalin som han kjente litt frå før³³. Han ville at Starostin skulle bli trenaren til Flyvåpenets fotballklubb og han vart sendt til Moskva. Etter å ha komme til Moskva fekk han besøk av politiet som gav han 24 timer på seg til å forlate byen. Starostin hadde blitt ein ball i kampen mellom Stalin og Berija. Han vart sendt med tog i retning Kaukasus, men på ein jernbanestasjon fekk han beskjed om at Stalin ville ha han tilbake til Moskva. Starostin ba då om å få bu i Sør-Russland, noko han fekk. I Lenins fødeby vart han trenar for det lokale Dinamo-laget. Men heller ikkje då var politiet nøgde og turen gjekk til Kasakhstan og Alma Ata kor han trenna klubben Kairat i fotball og ishockey. Der var han fram til Stalins døyd i mars 1953 (i desember 1953 vart også Berija avretta).

Då Starostin vart rehabilert i 1954 sa at

our family must express its gratitude to Dinamo. In those terrible years it was the island on which we survived, keeping our families together and finally enabling me to return to the capital” (Riordan 1994: 688).

³¹ Lubljanka var hovudkvarteret til NKVD.

³² Glavnoje Upravlenije Ispravitel’no-Trudovykh Lagerei, Sentraladministrasjonen for arbeidsleirane.

³³ Vasilij Stalins dotter Jevgenija hadde vore med i Spartaks rideklubb.

Då han var 50 år gammal fekk han jobben som trenar for det sovjetiske landslaget. I 1955, året etter, vart han igjen leiar i Spartak, både som heiltidstilsett og æresmedlem til hans nittiårsdag i 1992.

Desse arrestasjonane liknar arrestasjonane av andre sovjetborgarar som hadde kontakt med utlandet innanfor andre områder enn sport og viste kor neurotisk Stalin var overfor utanlandske ”infeksjonar”. Det kunne også vere for å vise den sovjetiske sportsverda at om dei ville konkurrere med utlendingar så måtte dei vere forsiktig med personlege kontaktar eller snakke for mykje heime om korleis livet var i utlandet.

2.3 Krig og propaganda

Åra 1940 og 1941 hadde ikkje Sovjetunionen sportsleg samkvem med nokon andre land med eit unntak. Baltikum hadde blitt innlemma i Sovjetunionen i august 1940 og idrettsutøvarar derfrå konkurrerte i Sovjetunionen. Den utanlandske kontakta bestod i to fotballkamper mellom Spartak Moskva og Sofia frå Bulgaria, den første kampen vart spelt i Sofia den dagen Tyskland okkuperte Bulgaria og på eit tidspunkt Sovjetunionen heldt på å skrive under ikkje-aggresjonspakt med land frå Balkan, inkludert Bulgaria. Vidare fram til 1945 konkurrerte ikkje sovjetiske lag utanfor landets grenser (Riordan 1980b:299)

Under krigen vart det ikkje arrangert sivile meisterskap i fotball, sport generelt vart uviktig når landet var i krig. Med siger i krigen viste programma som var satt i gang før krigen var nyttige (Riordan 1980c). Om det ikkje vart spelt om titlar vart det spelt fotball, mellom anna i Leningrad vart det spelt kamper under blokaden. Dinamo Leningrad spelte to kamper mot Leningrad garnison (7-3 og 2-2). Den andre kampen vart direktesendt på radio, dels på tysk, dels på russisk. I 1943 og 1944 vart det arrangert soldatmeisterskap i fotball i Moskva med åtte lag, som også inkluderte Dinamo Minsk (Radionov 1997: 93).

Fotball spelte ei viss rolle i forbindelse med krigen. Under krigen vart fotball brukt for å halde motet oppe blant folk som i Kiev då eit lokalt lag spelte mot den tyske okkupasjonsmakta. Etter krigen vart Dinamo Moskva sendt til England kor dei spelte fleire kamper for å skape eit betre forhold til britane. Det laget presterte var bra med fleire sigrar og godt spel, noko som var viktig i fotballens heimland. Krigen overtydde også styresmaktene at dei hadde gjort rett i å satse på *GTO*-prosjektet på 1930-talet, den styrkte trua på at dette måtte fortsettast etter krigen. Målet var nasjonale treningsprogram og idrett inn i skulen. Den emosjonelle sida kan

ein heller ikkje gløyme, sovjetborgarane vart stolte av det dei hadde utretta, dei kunne seinare utfordre verda på ein annan, fredeleg måte, gjennom sport (Riordan 1976b: 104).

Verden fekk etter andre verdskrig to politiske og militære blokker og sport vart etter kvart ein arena for internasjonal kamp, ein kamp om å overvinne sin ideologiske motstandar (Riordan 1993a: 248). I 1949 vart det bestemt med ein resolusjon frå Partiet at sport skulle spreast til alle deler av landet, nivået skulle opp for å hjelpe Sovjetunionen til å bli den fremste verdsmakta innan sport i nærmaste framtid.

2.3.1 Dinamo Kiev (Start)³⁴ mot tyskarane

Kampane som vart spelt mellom lokale lag og tyske lag i Kiev er full av myter. Kiev vart invadert den 22. juni 1941. Mange ukrainarar døydde og mange reiste vekk frå landet under krigen. Berre i Kiev sjølv reknar ein med at over hundre tusen menneske svalt i hel. Den 9. august 1942 vart det arrangert ein kamp mellom eit tysk lag som kalla seg Luftwaffe og ukrainske Start som hovudsakleg bestod av spelarar frå Dinamo Kiev, men også Lokomotiv Kiev (Lee 2006: 488). Dinamo Kiev var som dei andre Dinamo-laga i Sovjetunionen grunnlagt av politiet. Det heile byrja med at den gamle Dinamo-målvakta Nikolaj Trusevitsj sette i gang å samle saman fotballspelarar etter invasjonen. Spelarane fekk jobb hjå ein baker, herr Otto Schmidt, som var tysk, men født i Ukraina og som behandla spelarane bra.

Schmidt, being a sort of 'Ukrainian Schindler', made sure the players were reasonably well fed and kept safe from German reprisals for partisan raids (Riordan 2003: 88)

Dei tyske spelarane var i god form og dei hadde til og med profesjonelle spelarar på laget, også landslagspelarar for Tyskland. Dei ukrainske spelarane var derimot svoltne og ikkje i så god form³⁵. Kampen vart ikkje spelt på den nye Stalin stadion³⁶ eller den gamle Dinamo Kiev stadion, men på Zenit stadion. Tyskarane tok stadionvakthaldet alvorleg og tribunane var vakta med tyske soldatar med hundar. For å vere sikker på å vinne kampen valte tyskarane sjølve ut dommaren. Dommaren stakk før kampen innom garderoben til Dinamo-spelarane med åtvaringa: ”vinn og døy, tap og overlev” (Riordan 2003: 88). Åtvaringa var reell og det

³⁴ I historiene om kampen blir laga omtalt både som Dinamo og Start.

³⁵ I kor stor grad dette er sant er diskutabelt. Dei fleste spelarane på det ukrainske laget jobba på bakeri og det kan tenkje seg at dei åt meir enn resten av vanlege folk.

³⁶ Stalin stadion vart forresten opna same dag som tyskarane gjekk inn i Kiev.

vart diskutert blant spelarane kva dei skulle gjere, dei bestemte seg for å gjere så godt dei kunne og prøve å vinne kampen. Start vann kampen 5-3 og etter kampen braut det ut kampar mellom tilskodarar og vaktar på stadion. Dei ukrainske spelarane var arresterte av tyskarane og fire vart skutt.

Kiev vart frigjort av Den rauda hær den 13. november 1943, dei gjenlevande spelarane vart arresterte av NKVD tiltalt for å vere kollaboratørar. Dette føyer seg inn i rekka over idrettsutøvarar som vart fengsla under Berija og Stalin. Spelarane vart etter kvart slept fri,

for instead of shooting the 'collaborators', the NKVD and local Communist leadership invented the myth – in exchange for censorship of the truth (Riordan 2003: 90).

Dei sovjetiske styresmaktene byrja å kalle kampen for *Dødskampen*³⁷.

Nokre av spelarane overlevde Gulag og kunne fortelje si historie mange år seinare. Den ukrainske forfattaren Anatoly Kuznetsov skreiv i boka *Babi Yar* at det som det sovjetiske folket hadde hørt om kampen var myteversonen og ikkje sanninga. Ikkje berre vart boka forbode i Sovjetunionen, men forfattaren vart også ekskludert frå landet. Spelarane vart sett på som heltar som hadde stått opp for byen i den vanskelege tida (Dougan 2002: 219). For folket i Ukraina gav resultatet frå kampen dei håp og glede under krigen (Riordan 2003: 90)

2.3.2 Dinamo Moskva til London etter krigen

Leiarane og utøvarane i Dinamo tilhengjarar av den diplomatiske linja til Sovjetunionen internasjonalt. Sovjetunionens internasjonale kontaktar innan sport før krigen la vegen open etter krigen til å bli medlem av verdssamfunnet (Keys 2003: 431). Internasjonalt vart Sovjetunionen sett meir opp til enn før og regimet la meir vekt på å nytte sport internasjonalt for å halde på og auke statusen, og sidan 1945 konkurrerte Sovjetunionen på bra nivå internasjonalt (Edelman 1990: 46).

Etter krigen var målet til Sovjetunionen å ta igjen og gå forbi dei industrielle land, dette gjaldt også for fotball (Riordan 1980a: 120). Sovjetunionen ville teste seg mot dei beste i verda og

³⁷ Filmen *Escape to Victory* med mellom anna Sylvester Stallone, Pelé, Hallvar Thoresen, Bobby Moore, Osvaldo Ardiles som kom ut i 1981 er basert på denne historia.

sendte eit av dei beste laga i sovjetisk klubbfotball, Dinamo Moskva, til England, Noreg og Sverige berre to månader etter at andre verdskrig var over. I Storbritannia vann laget 10-1 over Cardiff og 4-3 over Arsenal. Det vart uavgjort mot Chelsea (3-3) og Glasgow Rangers (2-2) på ei tid då britisk fotball var rekna for å vere best i verda. Til saman var det 269 600 tilskodarar på kampane (Downing 2000: 272).

Året etterpå, i 1946, gjekk Det russiske fotballforbundet inn i FIFA³⁸.

Då OL var arrangert i London i 1948 vart leikane sett på av sovjetarane som drivne av kapitalistar og aristokratar og ein plass der arbeidarar hadde liten sjanse å konkurrer på lik linje med resten av deltakarlanda. Dette førte til at Sovjetunionen ikkje deltok (Edelman 1990: 45). I 1952 var Sovjetunionen med for første gong i OL, men dei deltok ikkje i vinterleikane i Oslo det året, berre i sommarleikane i Helsinki. Utover 1950-talet under opprustingsperioden vart det meir og meir politikk i sport. USA og Sovjetunionen førte fredelege ”krigar” mot kvarandre på idrettsbanen. OL vart ein kamp der den eine ideologien stod opp mot den andre og vart brukt for å propagandere kven som var sterkest. Sport som medium passar bra, den vekker nasjonalistiske instinkt og gruppekjensle (Riordan 1974: 322).

I 1968 møttes Sovjetunionen og Tsjekkoslovakia i den olympiske ishockeyturneringa, Sovjetunionen tok gullet, Tsjekkoslovakia sølvet. Turneringa vart spelt med seriesystem og ikkje med cup. I innbyrdes kamp mellom dei to landa vann Tsjekkoslovakia 5-4 over Sovjetunionen, noko som la ein dempar på glede over gullet. Revansjen kom fire år seinare då Tsjekkoslovakia slo Sovjetunionen i finalen i verdsmeisterskapen³⁹.

2.4 Sovjetunionen og utlandet

Riordan (1974) skisserar fem funksjonar som sport hadde på russisk utanrikspolitikk som var (1) å bygge gode relasjonar med pro-sovjetiske og potensielle pro-sovjetiske grupper i utlandet, internasjonal sport har følgt sovjetisk utanrikspolitikk, som etter revolusjonen var det ei interesse å skape gode forhold til arbeidarsportsgrupper meir enn regjeringar i påvente av ein verdsrevolusjon. (2) Promotere bra forhold til statar som grensa til Sovjetunionen som

³⁸ Fédération Internationale de Football Association. Same år gjekk også Det russiske vektløftingsforbundet inn i sin internasjonale organisasjon, fotball og vektløfting var dei to første russiske idrettane som gjekk inn i internasjonale forbund.

³⁹ <http://www.radio.cz/en/article/53259/limit> [12.02.06].

Baltikum, Balkan og Midt-Austen av strategiske grunnar og for å vise framskritta som er gjort av åndsfrendar i andre sosialistiske land. (3) Oppnå verdsherredøme i sport som nasjonalstat (etter andre verdskrig), då spesielt gjennom OL, med det føremålet å betre Sovjetunionens status og kommunisme i utlandet. Kvar siger på idrettsarenaen var ein siger for ideologien og viste at det sovjetiske levesettet var sunt og at det vart vist gjennom prestasjonar i idrett. (4) Oppretthalde og forsterke sosialistblokkeininga og Sovjetunionens leiarposisjon i denne og (5) få støtte til Sovjetunionen og politikken frå utviklingsland i Afrika, Asia og Latin-Amerika.

Det er ikkje mogleg å måle suksessen på sovjetisk sport i utlandet og korleis den har påverka andre land og (det politiske) forholdet til andre land. Ein siger var ikkje berre slik at den var bra for utøvaren sjølv, men den var ein del av heile ”totaliseringa” av det sovjetiske sportssystemet og effektiviteten av denne. Det som er klart med denne tankegangen er at det er enklare å gjennomføre i store land som Sovjetunionen og Kina med mange resursar enn i ein lite land.

Måten klubbane var organiserte på vart adoptert av eller påtvinga dei baltiske landa og andre austeuropeiske land som vart frigjort av Den raude arme 1945-1949. Alle måtte adoptere det sovjetiske systemet for statskontroll av sport, sportsvitenskap og -medisin, nasjonalt helseprogram (*GTO*), rangeringssystem, fagforeningsorganiserte sportsamfunn, statleg ”amatørisme”, statleg nasjonal olympisk komité og kontroll av sikkerheit og militære styrkar (Riordan 1993b: 37).

Land	Politi- og tryggingsklubbar	Militære klubbar
Sovjetunionen	Dinamo (Moskva, Kiev, Minsk, Tbilisi m. fl.)	TsSKA
Bulgaria	Levski Sofia	TsSKA
DDR	Dinamo (Dresden, Berlin)	Vorwärts
Jugoslavia	Dinamo (Zagreb)	Raude Stjerne
Romania	Dinamo (Bucuresti)	Steaua
Ungarn	-	Honved
Polen	Legia	Legia
Tsjekkoslovakia	Dinamo (Praha)	Dukla Liberec
Albania	Tirana Dinamo	-

Figur 2: Klubbar tilknytt militære og tryggingsorganisasjonar i Aust-Europa⁴⁰ og Sovjetunionen (Riordan 1993b: 37)

Også i andre land er sport utan støtte frå statleg støtte utenkjeleg. Ein del av argumentasjonen for at Sovjetunionen har gjort det så bra innan sport har vore innbyggjartalet i landet som er stort, men landet har gjort det betre enn Kina og India som har fleire gonger så mange innbyggjarar enn Sovjetunionen. Eit anna argument har vore tilgangen på idrettsplassar, som i Sovjetunionen faktisk var dårlegare enn i Vesten, i 1980 mangla 80 % av sovjetiske skular

⁴⁰ I forbindelse med kampane mellom Dinamo Zagreb og Raude Stjerne har det fleire gonger vore kampar mellom supporterar, noko som antakeleg har meir med at det er kroatar mot serbarar enn politi mot armé (Foer 2004: 23).

idrettsplass (Riordan 1980c: 16). I Sovjetunionen byrja ein tidleg å leite etter talent, nett som ein gjorde innan musikk, kunst og matematikk. I Sovjetunionen var dette meir utprega enn i Vesten, unge idrettsutøvarar vart tatt hand om av profesjonelle i lågare alder enn i andre land. Dette systemet vart også nytta av mange andre kommunistiske land, som Aust-Tyskland som tok fleire gull i OL i Montreal i 1976 enn USA og Kuba som tok fleire enn Storbritannia.

2.4.1 Befaling om ikkje å tape

I byrjinga av den sovjetiske internasjonale deltakinga skulle ein også vere best. I 1952 hadde Sovjetunionen eit bra skilag, men dei var ikkje sikre på å vinne som Andrej Karpov, trenar og utøvar sa:

We had prepared a good team for the world championships in 1952. I was called into the Sports Committee and asked to give a guarantee we would win the championship. How on earth could I, especially win our skiers had never performed internationally? In any case, we all knew very well what might happen if we failed to honour a pledge – we realised where the demand for such invariable victories came from. So I said I could give no cast-iron guarantee. I was therefore told we would not go. It was as simple as that. So we never did get to the world championship (Radyshevsky 1992: 186)

Russland var ein av medgrunnleggjarane av OL-rørsla i 1894 i Paris, men det var først i 1908 at Russland stilte med deltararar. Allereie i 1912 var det igjen slutt og det skulle ta lang tid før dei sovjetiske styremaktene godtok å sende utøvarar til OL igjen. Sommar-OL i 1952 var neste gong landet deltok, noko som også var Sovjetunionens debut i OL⁴¹. Leiaren i Sportskomiteen, Nikolaj Romanov sa også at

Once we decided to take part in foreign competitions, we were forced to guarantee victory, otherwise the “free” bourgeois press would fling mud at the whole nation as well as our athletes. That actually did happen. To gain permission to go to international tournaments I had to send a special note to Stalin guaranteeing victory (Riordan 1993b: 26)

⁴¹ Amatørar i sovjetisk sport var som regel studentar, sørvisnæringsstilsette eller gymnastikklærarar som vart sponsa der dei ”arbeidde” eller i Dinamo og TsSKA. Desse var meir eller mindre heiltidsutøvarar.

Under OL i Helsinki i 1952⁴² møttes Sovjetunionen og Jugoslavia i fotballturneringa. Jugoslavia var det første kommunistiske landet som hadde brote med Sovjetunionen. Forholdet mellom Stalin og Josip Tito var ikkje det beste, Jugoslavias leiarar hadde blitt kalla for sosialfascistar av sovjetarane (Riordan 1993a: 250) og Stalin var så bekymra for utfallet av kampen at han sendte telegram til laget om morgenon før kampen kor han minte spelarane på at han forventa siger i kampen. Sovjetunionen tapte 3-1. Stammen i det sovjetiske laget besto av spelarar frå TsSKA Moskva. Stalins skuffesle var så stor at han midlertidig oppløyste TsSKA sitt fotballag og spreidde spelarane på andre klubbar og trenaren fekk sparken (Baumann 1988: 165).

2.5 Khrusjtsjov og internasjonal suksess, 1953-1985

Det skulle etter kvart bli eit mål for sovjetisk sport å overta verdsherredømet i sport. Dette hang saman med at dei ville vise heile verda at det politiske regime var kapabelt til å fostre store idrettsmenn og -kvinner, og der gjennom reklamere for seg sjølv i utlandet. I 1956 møttes alle idrettsgreiner i Moskva til Den første spartakiade for folket av Sovjetunionen (Spartakiaden). Finalane gjekk på den nybygde Lenin stadion⁴³ med ein kapasitet på 104 000 tilskodarar. Stadion vart Sovjetunionens, og seinare Russlands, storstue for sport. I fotball vart Sovjetunionen aldri noko stormakt, sjølv om dei hadde ein del bra resultat internasjonalt. Men fotball var den mest populære idretten, både talt i tilskodarar på stadion og tv-sjåarar (Riordan 1980c: 71).

Spartakiade var den viktigaste konkurransen i Sovjetunionen kor det vart tevla i mange ulike greiner. Den første Spartakiaden vart arrangert i Moskva i 1928 (Moskva-Spartakiade, ikkje sovjetisk Spartakiade) og var dedisert til innføringa av den første femårsplana og tiårsjubileet til den sovjetiske sportsrørsla. Dei fleste som deltok var sovjetborgarar, men også utlendingar deltok, i all hovudsak kommunistar frå 12-14 land. 21 sportar stod på programmet mot 17 i OL i Amsterdam same år, det vart konkurrert i friidrett, turn, symjing, stup, roing, bryting, boksing, vektløfting, fekting, sykling, fotball, basketball og skyting.

⁴² Den sovjetiske olympiske komité vart ikkje grunnlagt før i mai 1951, Helsinki-leikane var første gong landet deltok. Sovjetunionen var heller ikkje med i Oslo 1952.

⁴³ I dag heiter denne Luzjniki stadion.

Førebiletet var OL. I 1956 var det 23 millionar som deltok i dei første sommarleikane (Sovjet-Spartakiade), i den andre var det 40 millionar, 66 millionar i dei tredje, 57 millionar i dei fjerde, 44 millionar i dei femte, 80 millionar i dei sjette (1974 og 1975). I 1974 og 1975 var det så mange deltagarar at finalane måtte haldast over to år og i seks ulike byar (Riordan 1977: 163)

Også det rituelle i Spartakiaden var etter de olympiske modellen som fakkelstafett, opningsseremoni. I tillegg vart det arrangert utstillingar, stands og andre festivalar i tilknyting til Spartakiaden.

Utover 1960-talet er det også ei generell auke i velstanden, meir fritid og auka urbanisering. Dette påverka deltakinga i sport som gjekk ned. Folk ville heller ”*get away from it all*” enn ”*get together*” (Riordan 1976b: 113). På 1960-talet var trenden at massesportssystemet ikkje passa arbeidaren som heller vanka i små samfunn som familien. Myndighetene ville ha folk tilbake til sport, nokre sportsartar gjekk greitt som hesteveddlopp, mens andre vart erklært fredlause fordi dei var irrasjonelle eller ekshibisjonistiske av natur som kvindefotball (sic!), bridge, yoga med fleire. Desse vart alle fordømt i ein resolusjon frå regjeringa i 1973. For å rekruttere spelarar vart ungar tatt inn i klubbane når dei var rundt ni-til ti år. Dei vart trenta på sportsskular under kyndig leiing. Alle toppklubbane måtte ha juniorlag og trenarane var ofte tidlegare spelarar som fekk jobbe vidare i klubben. Til forskjell frå Vesten fekk ingen spele i serien før dei hadde fullført ti års skulegang.

På 1960- og 1970-talet var det stort press på klubbane at dei skulle ha suksess. Treninga vart forbetra, spesielt for laga utanfor Moskva. Med forventningane kom også problem som var assosiert med profesjonell fotball i Vesten som tribunevald, tøft spel på banen, ulovlege metodar som korruption og kampfiksing. Spelarane fekk løn klubbane, som regel rundt gjennomsnittet, 180 rublar i månaden. I tillegg kom 30-40 rublar om spelaren var på landslaget eller rangert som *master* (sjå Figur 1). Men det var mykje mørketal, spelarar fekk gjerne uoffisielle bonusar og sponsorstøtte under bordet som aldri vart registrert på grunn av amatørismen som skulle vere i Sovjetunionen. I tillegg fekk mange bra leilegheiter å bu i eller bilar. Så lenge dette var innanfor rimelege grenser, såg politiet gjennom fingrane med dette systemet (Riordan 1980a: 124). Samstundes skulle alle lag ha ein tilsett, ofte ein spelar, som skulle ha ansvar for at folk oppførte seg moralsk bra i forbindelse med alt som hadde med klubben å gjere, ofte var denne stillinga i kombinasjon med å vere klubbens Komsomol-

sekretær. Tøft spel på banen vart sett på som eit problem av myndighetene fordi det stamma frå mentaliteten ”å vinne til ein kvar pris”, som stod imot den politiske sovjetiske likskapstanken for folk, og gjekk føre med eit dårlig døme for unge menneskjer. Føredømet var den gamle klubben Victoria i St. Petersburg som hadde som motto ”*Lose with Honour*” (Riordan 1980a: 125). I 1972 var det ei kampanje som ville forby alkohol på stadion (øl og vin var tillate, det var vodka som skulle vekk) for å få bukt med tribuneproblem, men problemet vart ikkje løyst. Året etter fekk ein ukrainar dødsstraff for å ha stukke ned ein annan under ein fotballkamp i Kiev. Det var også konfrontasjonar mellom forskjellege nasjonalitetar, især aserbajdsjanarar og georgiarar (Riordan 1980a: 126).

I 1975 var det 31 tidsskrift, vekeblad og aviser som var for sport. 14 av dei var sentrale og 17 i republikkane. Den daglege avisa (ikkje mandag) *Sovjetskij sport*⁴⁴ var den sjuande største avisa med eit opplag på over fire millionar eksemplar kvar dag. Avisa hadde informasjon om sovjetisk sport både i innland og utland, politisk nytt vedrørande sport, kritikk, lesarbrev med meir. Den sentrale radiostasjonen brukte over 20 timer av sendeflata i veka til sport medan fjernsynet hadde 850 timer (to timer og tjue minutt i gjennomsnitt kvar dag) sport i 1975. 80 prosent av befolkninga såg sport jamleg i eit år utan OL, fotball-VM eller fotball-EM, men med Spartakiade (Riordan 1977: 162). Fire år seinare var talet på publikasjonar oppe i 46 med eit samla opplag på over åtte millionar. Mange publikasjonar kom også ut på andre språk enn russisk (Riordan 1980a: 89).

Internasjonalt hadde Sovjetunionen ein viss suksess etter krigen. Fotballandslaget vann OL-gull i 1956 og 1988, samt fleire bra plasseringar i andre OL. Dinamo Kiev vann Cupvinnarcupen i 1975 og 1986 og Supercupen⁴⁵ i 1975. Dinamo Tbilisi vann Cupvinnercupen i 1981. Landslaget vann i EM i 1960, og tapande finalist i 1964, 1972 og 1988⁴⁶.

Dinamo Moskva var tapande finalist i Cupvinnarcupen i 1972. Kampen var mot Glasgow Rangers og gjekk i Barcelona den 24. mai. Rundt 25 000 skottar var i byen for å heie på Rangers, medan Dinamo-supporterane hadde fått forbod frå leiinga i Kreml mot å reise for å hindre tumultar og samanstøyt med skottane. Kampen enda 3-2 etter at Rangers hadde leia 3-

⁴⁴ Organet til Sportskomiteen. Grunnlagt i 1924, kom ut i Moskva.

⁴⁵ Kamp spelt mellom vinnaren av Serievinnarcupen og Cupvinnarcupen.

⁴⁶ I 1968 spelte Sovjetunionen uavgjort mot Italia i semifinalen, men tapte retten til finalespel etter myntkast.

0 ved pause. Etter kampen vart banen invadert av skottar, spansk politi, som var vane med å handtere streikar og demonstrasjonar og slo etter kragebeinet på supporterane, fire skottar døydde og over hundre såra. Det russiske fotballforbundet protesterte og ville ha kampen spelt om att på nøytral bane i Sibir utan tilskodarar, noko som ikkje gjekk igjennom. Rangers vart utestengt, men vart ståande som vinnarar av finalen (Nymark 2002: 85).

Tidleg på 1970-talet byrja kvindefotballen igjen å røre på seg, trass i resolusjonen om kvindefotball. Spesielt i Ukraina var det fleire lag som oppstod som spelte både i, og seinare også utanfor, republikken. Dette vart kritisert,

the principal aim was for certain sports administrators to obtain additional income through the unhealthy interest shown by some male spectators in women's soccer matches" og "women's soccer may damage sexual functions and may cause varicose veins, thrombophlebitis, etc. (Riordan 1980a: 138).

Samstundes som fotball for kvinner ikkje vart oppmoda til skreiv pressa positivt om kvindefotball i utlandet, også i Aust-Europa. Kvindefotball vart ikkje forbode, men det vart heller ikkje oppmoda til å arrangere kampar. Kvinner var i Sovjetunionen viktig for landets forsvar og beredskap, og sport var viktig for at kvinner skulle halde seg i fysisk god form i og med at dei var fritatt for militærteneste.

I 1980 spelte Sovjetunionen seg fram til bronse i OL på heimebane. Desse leikane vart boikotta av mange land på grunn av den sovjetiske invasjonen av Afghanistan i desember 1979. Det var første gongen eit OL skulle arrangerast i eit sosialistisk land. Jimmy Carter, USAs president, vart skulda for å ha eigne initiativ for å boikotte leikane for å ta merksemda vekk frå innanrikspolitiske problem før valkampen (Mertin 2003: 255). I Sovjetunionen vart leikane sett på som ein stor suksess, både organiseringa og det sportslege. Trass i sterkt forbindelse mellom sport, politikk og parti i Sovjetunionen, argumenterte dei for at det var synd at vestlege land blanda politikk inn i sport og boikotta leikane (Mertin 2003: 259). Fire år seinare var det Sovjetunionen som uunngåeleg gav att med same mynt og boikotta leikane i Los Angeles, USA (Guttmann 2003: 373).

Før Verdsmeisterskapen i fotball i Spania i 1982 fekk spelarane beskjed om kva dei hadde lov til og ikkje lov til å seie. Til dømes var det strengt forbode å seie at Dinamo var ein klubb sponsa av politiet og at KGB-agentar ofte var med på turane til sovjetiske lag i utlandet. Å

snakke om at fotballspelarar var heiltidsutøvarar og fekk betalt deretter, at dei fekk bonusar om dei vann, at Den sovjetiske olympiske komité var statleg og at leiaren måtte vere partimedlem, at utøvarar brukte doping med meir var alt strengt underlagt sensuren (Riordan 1993a: 251). I staden vart det ofte slik at journalistane ikkje skreiv om korleis tingas tilstand var, men skreiv om korleis dei burde ha vore.

Om ein ungdom viste talent i fotball vart han raskt ein del av ein større klubb. Talentspeiding og –utvikling var viktig i Sovjetunionen. Den øvste divisjonen bestod av 16 lag, den nest øvste av 22 lag og den tredje øvste av 126 lag fordelt på seks geografiske regionar. Ein vanlege veg for ein fotballspelar i Sovjetunionen var å vere i fotballseksjonen i sportsbarnehage og sportsskule og spele for lag der. På slike skular var det tilsette fagfolk til trening. Når dei var ni-ti år vart dei medlem av ei førebuings- eller ungdomsgruppe. Treninga var to timer for dag, fire dagar i veka pluss kamp. Alle lag i serien hadde skular for ungdommar over ti år (nokre 12-13 år). Mange av trenarane var sjølve gamle spelarar som fortsette å arbeide i klubben (Riordan 1980c: 80).

I 1972 vart det arrangert ei ungdomsturnering i fotball i Moskva, Dinamo fotballturnering, for lag frå medlemslanda til Sportskomiteen for venlege armear. Denne vart danna i 1958, tre år etter Warszawa-pakta vart inngått av alle medlemmane. I 1960 vart Kina, Nord-Korea og Nord-Vietnam med (Jugoslavia var ikkje med i nokre av delane). Kuba vart medlem i 1969 og Somalia i 1973. Målet var

to strengthen friendship between the armies, improve the quality of physical fitness and sport among servicemen and to popularise the attainments of army sport (Riordan 1976c: 23).

Turneringa var for ungdomslaga til politi- og tryggingsklubbane frå Bulgaria, Tsjekkoslovakia, Aust-Tyskland, Ungarn, Nord-Korea, Polen, Romania og Sovjetunionen.

Finansieringa av sport i Sovjetunionen kom både frå statlege overføringer til lotteri. Sjølv om sport var viktig i Sovjetunionen kom sport langt ned på prioriteringslista på statsbudsjettet. Dei statlege klubbane fekk overføringer til sport og utdanning. Pengane frå statsbudsjettet kom gjennom Sportskomiteen. Fagforeiningane sette også av pengar til deira idrettslag, sal av (supporter)effektar utgjorde ein viss del inntekta til klubbar, diverse arrangement (billettsal,

fotball i dei to øvste divisjonane er unntaket, her gjekk ikkje inntekta uavkorta til klubbane) og medlemsskap (Riordan 1975: 35).

2.5.1 Du må ikkje vere frå Moskva for å vinne

1961 vart Ukrainas store år i fotball. For første gong vann eit lag frå ein annan by enn Moskva, Dinamo Kiev serien og Sjakhtyor Donetsk⁴⁷ vann cupen. I alt har tre ukrainske lag gått til topps i serien (Dinamo Kiev, Zarja Vorosjilovgrad i 1972 og Dnepr Dnepropetrovsk i 1983 og 1988), eit lag frå Kviterussland (Dinamo Minsk i 1982), eit lag frå Armenia (Ararat Jerevan i 1973), eit lag frå Georgia (Dinamo Tbilisi i 1978) og eit frå St. Petersburg (Zenit i 1984). To byar har dominert sovjetisk fotball: Moskva (43 meisterskap) og Kiev (13 meisterskap). Resten har til saman åtte meisterskap. Moskva var eit politisk sentrum med dei fleste resursane i Sovjetunionen, medan Kiev var den største byen utanfor det russiske området. Cupen har mellom anne blitt vunne av Metallist Kharkov (1988) og Karpaty Lvov (1969). Kirgisistan og Turkmenistan var dei to einaste republikkane som aldri var representerte i den øvste sovjetiske ligaen som viser at ein hadde moglegheita å bli god i fotball over heile Sovjetunionen⁴⁸.

Ein kan spørje seg om dette kan ha ein samanheng med at Nikita Khrusjtsjov var Førstesekretær i Det sovjetiske kommunistpartiet. Khrusjtsjov var sjølv frå Ukraina og ein skal ikkje sjå vekk frå at ein leiar som gjer Krim-halvøya i gave til Ukraina også kan ha ein viss innflytelse på at ukrainsk sport blir konkurransedyktig med russisk. Dette kan vere gjennom betre rammevilkår eller korruption, men dette har eg ikkje funnet haldepunkt for i litteraturen.

Zenit er den største klubben i St. Petersburg. Den har sitt opphav tilbake i 1925 og bestod av spelarar frå Leningrad metallfabrikk. I tida frå 1936 til 1940 var namnet på klubben FK Stalinets (Stalinistane). Metallfabrikken vart i 1940 ein del av rustningsindustrien og same år fekk dei namnet Zenit⁴⁹ etter ein fusjon med ein klubb med same namn. Zenit tilhøyrt

⁴⁷ 1936-1946 Stakhanovets, 1946-1992 Sjakhtyor, 1992-Sjaktar Donetsk.

⁴⁸ Til dømes var det i Aserbajdsjan Neftchi Baku som var det bra laget og i Litauen var det Žalgiris Vilnius, som tidlegare har heitt både Spartak og Dinamo.

⁴⁹ Futbo'lnyj klub "Zenit" Sankt-Peterburg.

fagforeininga for rustningsindustrien. I 1990 overtok LOMO⁵⁰-fabrikken eigenskapen i klubben og gjorde klubben profesjonell.

Etter revolusjonen hadde mange av dei russiske laga har sitt opphav i allereie eksisterande klubbar eller laust samansette lag eller i fagforeiningar. I 1974 var det av 36 ulike idrettslag (som omfatte ei lang rekke ulike idrettar) berre to som ikkje vart drevet av fagforeiningar. Det var 15 urbane republikklubbar og 15 rurale republikklubbar og fire all-union⁵¹. Dei to som ikkje var drevet av fagforeiningar var Dinamo, som var drevet av politi og sikkerheitsstyrkane og Arbeidsreservane. Den einaste klubben utanfor dette rammeverket var TsSKA.

I 1984 vann Zenit frå St. Petersburg serien for første gong. Etter å ha venta i mange år, slitt med nedrykk hadde laget til slutt greidd å vinne det gjævaste ein kunne vinne i sovjetisk fotball. Sjølv om klubben før hadde vunne cupen i 1944⁵² så er det 1984 som har skrevet seg inn i St. Petersburg fotballhistorie med gullskrift.

2.6 Nytt regimeskifte – *perestrojka* også i fotballen?

På 1980-talet vart det gjennomført radikale endringar i den sovjetiske politikken, noko som vart gjenspeglia i landets idrettsliv. Sport hadde nærmast vore ein del av femårsplanane og skulle oppfylle at så og så mange skulle vere involverte i sport på ulike nivå og gjere det så og så bra resultatmessig. Det sovjetiske samfunnet hadde endra seg mykje sidan Stalin, men systemet hang enno att og Gorbatsjov innsåg at landet hadde ei krise å hanskast med (Edelmann 1993: 194). Frå å måtte vere organisert i ulike sportsklubar, kom det utover 1980-talet treningsstudio kor folk kunne trene mot betaling utan å vere organisert nokon stad. I 1991 måtte fleire øvingar i Spartakiaden avlysast, lengda på Spartakiaden og talet på utøvarar gjekk ned på grunn av manglande finansiering (Riordan 1992: 168). Spørsmålet utover 1980-talet vart i stor grad kor mykje ein skulle bryte med sportsarva etter Stalin, Nikita Khrusjtsjov og Leonid Breznev. Skulle klubbane og spelarane bli profesjonelle eller skulle dei fortsette med olympisk amatørisme?

⁵⁰ Leningradskoje optiko-mekhanitsjekoje objedinenije, fabrikant av dei kjende LOMO-fotoapparata. Hadde også ein modell som heitte Zenit som kom i 1967.

⁵¹ Dei fire all-union-laga var Lokomotiv, Vodnik, Burevestnik og Spartak.

⁵² Denne er omdiskutert, det var krigstilstandar og berre 24 lag var med.

I 1987 vart det framlagt forslag til ny organisering av fotballen i Sovjetunionen av ei rekke interessegrupper, samla som ei serienforeining. Målet var at det skulle bli meir likt det systemet som fantes i Vesten, særleg når det gjaldt profesjonaliseringa av sporten. Fotballag skulle opnast bli profesjonelle. Den nye organisasjonen skulle ivareta serien, laga som deltok i Europacup og landslag som skulle delta i internasjonale turneringar. Den gamle organisasjonen skulle ivareta ungdomsfotball og fotballskular. I august 1988 kom det forslag til nye reglar frå Sportsdepartementet (Goskomsport) i samsvar med det fagforeiningane, Komsomol, Forsvarsdepartementet og Innanriksdepartementet som gjekk ut på opprette ein liga der sjølvfinansierande lag skulle spele, saman med dei tradisjonelt statsfinansierte laga Dinamo og TsSKA/SKA-laga og at Goskomsport skulle ha eit nært samarbeid med den nye Unionen som vart kalla "sosial-profesjonell" og ikkje "sjølvstendig" (Edelman 1990: 46). I debatten som kom var det overordna spørsmålet om fotball skulle fortsette å vere statleg eller skulle kontrollen overførast til ein spesialistelite som ville verne om eigne posisjonar (Edelman 1990: 48). Resultatet vart eit kompromiss, det vart profesjonalisering, men Goskomsport hadde mykje av kontrollen. Det nye systemet skulle tre i kraft frå og med 1990-sesongen. Den nye organisasjonen skulle ha kontroll over dei to høgaste divisjonane, Goskomsport (gjennom Fotballforbundet) alle dei lågare divisjonane. Neste spørsmål skulle bli om forholdet til Det internasjonale fotballforbundet, FIFA, som ikkje godtok delinga som var planlagt. Unionen vart plassert under Fotball- og hockeyadministrasjonen til Goskomsport hausten 1989. I februar 1990 vart det bestemt at serien skulle gå etter gamle reglar og at Unionen hadde godkjent at dei låg under Fotballforbundet.

Dette viser at sjølv om den sovjetiske staten ikkje var så sterk under Gorbatsjovs leiing at ein kunne opprette nye forbund så hadde statlege organ enno styrke til å bestemme. Unionen fekk aldri gjennomslag for sine interesser korkje i Sovjetunionens Ministerråd eller Det øvste sovjet (Edelman 1990:52).

På slutten av 1980-talet gjekk også talet på tilskodarar ned. I 1987 var snittet på toppseriekamper rundt 27 000, i 1988 var det 23 000 og i 1989 var talet nede på 18 302. Det var klart for dei fleste at dei som spelte fotball var profesjonelle, men gjennom å vere tilsatt i politiet eller liknande. Slik var russisk fotball lik den i kapitalistiske land og nivået på spelet

var bra⁵³. Ein måte å tene pengar på hadde blitt å selje spelarar til vesteuropeiske klubbar, Dinamo Kiev satt att med to millionar dollar etter salet av spissen Aleksandr Zavarov til italienske Juventus og klubben kunne etter det bli ”sjølvfinansiert”, altså profesjonell (Riordan 1992: 177). Dette vart mogleg først under *perestrojka* og sala vart sett på som at forholdet mellom Sovjetunionen og vestlege land var meir normalisert (Edelman 1990: 54). Spørsmålet var meir og meir kven som skulle styre og bestemme over fotballsystemet. Samstundes kom det ei innrømming frå offisielt hald at fotballspelarar tente bra og brukte opp mot 250 dagar på å trene i året, og det vart diskutert å gje dei status som profesjonelle, noko som dei i praksis var.

På 1990-talet gjekk både nivået og talet på tilskodarar ned i Russland, dette hang tett saman med at mange bra lag som Dinamo Kiev og Dinamo Minsk frå dei no sjølvstendige republikkane var ute av seriesystemet i Russland og dermed hadde russiske lag færre attraktive motstandarar (Missiroli 2002: 13).

Sovjetiske fotballklubar var profesjonelle, på slutten av 1980-talet var ikkje det eit spørsmål lenger. Ei oppmuking av økonomien gjorde at klubbane måtte bli meir sjølvfinansierande enn før, mange mista store overføringer frå staten, for mange klubbar betydde dette også å bryte med sine fagforeiningar. No var det meir eit spørsmål om kommersialisering enn om profesjonalisering. Korleis kunne ein tene pengar om statleg støtte forsvann. Ser ein på bilete i avisene og bøker frå 1980-talet ser ein at mange lag har sponsorar på draktene, klubbane vart meir og meir ”*moneymaking enterprise*” (Edelmann 1993: 197). Fokuset gjekk frå å vere didaktisk til å bli openlyst kommersielt. Dette bryt heilt og klårt med det fotballen og idretten hadde stått for heilt sidan kommunistane overtok i 1917. Frå å vere ein del av det statlege apparatet som skulle fylle fleire funksjonar (frå propaganda til helse) vart fotballen no lausrive frå statsapparatet og måtte finansiere seg sjølv og finne sin plass i samfunnet. Sport på tv vart, spesielt etter 1988, fri for ideologiske referansar og politiske meiningar, men det vart også vist mindre sport på tv. Sendiflata måtte delast med nye populærkulturar som rock. I 1989 vart det vist 920 timer sport på tv i Sovjetunionen mot rundt 1500 timer i Storbritannia. Idrettar som trakk fleire sjårar vart også prioritert, altså fotball og ishockey. Reklame på tv kom også i 1988, det amerikanske selskapet Pepsi-Cola var først ute (Edelmann 1993: 200).

⁵³ Sovjetunionen spelte EM-finale i 1988 kor dei tapte mot Nederland.

I tillegg til at profesjonaliseringa tok til vart det også enklare å selje spelarar til utlandet som også var ei inntektskjelde og kjelde til vestleg valuta. Men det var strenge reglar, ein fotballspelar måtte vere over 30 år, men det gjekk an å få gjort unntak, til dømes vart Zavarov selt i ein alder av 27 år for vel tre millionar pund i 1988 (Duke 1990: 151). I 1988 vart målvakta Rinat Dasajev selt for to millionar dollar til spanske Sevilla etter å ha spelt bra i Europameisterskapet same år for landslaget. Av pengane tok Sovjetunionens sportskomité 55%, Spartak tok 40% og den italienske agenten Dorna tok 5% av summen. I 1991 var det over hundre sovjetiske fotballspelarar som spelte i utlandet. (Riordan 1992: 177).

Den første sovjetiske klubben som innførte full profesjonalisme var Dnepr i Ukraina. Laget hadde ein viss suksess på banen og ville utnytte det betre. Med profesjonelle spelarar kunne laget yte betre og gjer det enno betre på banen, men klubben opplevde ein tilskodarsvikt då dei vart profesjonelle. Amatørismen som hadde stått sterkt i Sovjetunionen var broten innanfor fotballen, og klubben greidde ikkje å administrere alt. Klubben sin fanklubb vart også omorganisert og fleire tusen menneske i byen ville bli medlem av fanklubben, men på grunn av rot i systemet og at organiseringa med den nye organiseringa var det i september 1989 ingen som hadde mottatt noko papir på medlemskapen (Edelman 1990: 53). Likevel byrja klubben å tene pengar, laget vart det første profesjonelle laget til å vinne den sovjetiske serien. Spelarane skrev under på proffkontraktar som varte i tre år, og klubben braut kontaktane til fagforeiningane. Tre år etter innføringa av profesjonalisme hadde klubben også greidd å leggje seg opp pengar (Duke 1990: 151). Etter kvart som klubbane gjennomførte det same som Dnepr mista Fotballforbundet meir og meir makt.

I 1987 kom den nasjonale meisterskapen tilbake for kvindefotball. Åtte lag deltok mot 20 året etter og 50 lag frå heile landet i 1989. Den første landskampen vart spelt i 1988 mot Tsjekkoslovakia (Riordan 1991: 196). Som ein ser i eksempelet fotball var det langt mellom målet om kvinnefrigjering og lik rett til arbeid og karriere og den sosialt definerte rolla til kvinner.

Med slutten av den kalde krigen og oppløysinga av Sovjetunionen spelte fotball ein viss rolle. Fotball framskunda prosessen i Aust-Europa. Etter det mislukka kuppet i august 1991 bestemte FIFA seg for å tillate berre eit lag til kvalifiseringa til Fotball-VM i 1994 og valte Russland. I månadane før Sovjetunionen kollapsa vart det arrangert demonstrasjonar rundt så å seie alle kampane mellom klubbar frå forskjellelege republikkar. Ein av dei første avgjerdene

til Litauen etter dei erklærte sjølvstende frå Sovjetunionen var å trekke alle litauiske lag frå den sovjetiske fotballserien. Symbolverdien av dette var stor (den sportslege verdien var vel heller liten, det var korgball som var det store i Litauen). Det same skjedde med Georgia som straks etter sjølvstende grunnla sin eigen fotballserie og slutta seg til FIFA (Missiroli 2002: 14).

3 Fotball i St. Petersburg

For mange er fotball berre ein fritidssyssel, men den skil seg frå mange andre fritidssyslar med at den fører med seg eit stort engasjement og ei sterke involvering av kjensler. Dette kan gje grobotn for bygging av nettverk og fellesskap (Hjelset 2006: 36). Mine informantar stadfesta dette, Stas fortalte om pauserommet på fabrikken der han delte arbeidarane inn i to: dei som er interessert i fotball og dei som ikkje er interessert i fotball. Dima er ung og engasjerer seg i fanskaren til Petrotrest. Viktor møter sine samlarkammeratar før kvar heimekamp. Masja er ikkje interessert i fotball i det heile og er ikkje ein del av noko fellesskap som har med fotball å gjere.

I kapittel to har eg sett på korleis fotball har blitt påverka og brukt av politikken i Sovjetunionen og Russland frå 1870-talet til oppløysinga av Sovjetunionen i 1991. Dette kapittelet blir ikkje noko direkte fortsetting av det førre, dette kapittelet vil ta føre seg fotball i St. Petersburg i dag. Fotball og stat skilde lag på slutten av 1980-talet. Det vil ikkje seie at dei ikkje har noko med kvarandre å gjere, fotball og stat heng enno saman, men dei skilde lag på den måten at fotball-Russland ikkje lenger er ein del av det politiske *systemet*, fotball blir ikkje lenger brukt for å spreie propaganda for det politiske regimet som det vart før.

For å få delta i internasjonale turneringar må ein vere medlem av nasjonale fotballforbund, i desse turneringane ligg det mykje pengar og prestisje som klubbar over heile Europa vil vere med i. Russiske klubbar er ikkje noko unntak. Så etter brotet, og med eit nytt land, Russland som arvtakar til Sovjetunionen måtte russisk fotball finne seg sjølv igjen. Bra klubbar som var med å kjempe i toppen av den sovjetiske ligaen var vekke, Dinamo Kiev gjekk inn i den ukrainske serien som den dominerte i mange år og Dinamo Minsk spelte frå 1992 i den kviterussiske serien. Heile serien bestod av russiske lag frå byar som Moskva, Jekaterinburg, St. Petersburg, Samara, Krasnodar og Nizjnij Novgorod som ikkje alle saman har same schwungen over seg.

Kapittel to byggjer på open observasjon, på stadion, på barar og i samtalar under feltarbeidet mitt i St. Petersburg over knappe fire månader hausten 2006. Hovudinformantane mine er Viktor, pensjonert radioingeniør og fotballhistorikar i St. Petersburg, Stas, som er vel førti, jobbar på fabrikk og bur heime hjå mor og far, Majsa som jobbar på kontor og Dima som er den yngste og som heiar på Petrotrest. Eit underkapittel beskriv kort dei strukturelle rammene

og fotball i St. Petersburg, dette er naudsynt for å forstå ein generasjon av dagens fotballsupporter, den som hugsar seriegullet i 1984. Rivalisering har alltid vore viktig i fotballen, eg har sett det som naudsynt å ta med både forholdet til Moskva og rivaliseringa i byen. Eit underkapittel tek utgangspunkt i supporteren som ikkje går på kamp, men som ser kampane på tv. Vidare tek eit underkapittel for seg supporteren som går på kamp, men som ikkje heiar på det beste laget i byen. Til slutt blir også supporterklubar og damefotball omskrevet.

Eg kom til St. Petersburg i august 2006 og fekk med meg serieinnspurten i den russiske toppserien der Zenit, byens store fotballlag, enno var med å kjempe i toppen. Men det er ikkje berre Zenit som er interessant. Eg gjekk også på fotballkampar i lågare divisjonar, kampar på mindre stadion med mest ingen tilskodarar. St. Petersburg er ganske så interessant i så måte, dei fleste millionbyane i Europa har to konkurrerande (stor)lag. I Hamburg finn ein St. Pauli og Hamburger SV, i Milano Inter og AC og i mange byar er det fleire bra lag som Moskva (Spartak, Lokomotiv, Torpedo, TsSKA, FK, Saturn, Dinamo og Khimki) og London (Tottenham, Arsenal, Chelsea, Fulham, West Ham) slik kan rekkja fortsette.

Eg har valt å anonymisere nokre av informantane mine så godt det let seg gjere. Stas fortalte at eg ikkje trenger å anonymisere han, men han er heller ikkje omskrevet med fullt namn, men er antakeleg lett gjenkjenneleg for mange som har studert russisk i St. Petersburg. Om dei skulle bli gjenkjent er det heile mi skuld, og det vil eg i så fall orsake.

To sitat som eg har fått mine informantar i St. Petersburg, Dima og Stas, er sentrale i dette kapittelet. Desse oppsummerar også mitt inntrykk av fotballen i byen ganske bra. Det eine sitatet er ”*Peterburg nje futbolnyj gorod*” og det andre er ”*Vot moy stadion, zdes' maja tribuna*”.

Det første sitatet kjem frå ein fan av fotballklubben Petrotrest, Dima, som sleit i botn av russisk 2. divisjon, altså det tredje høgste nivået i russisk fotball. Dima går på alle kampane til eit lag som trekk rundt femti til hundre tilskodarar om hausten, supporterane drøymer om eit lag som skal spele seg opp ein divisjon for å prøve å bli ein slags farmarklubb til det større Zenit som har økonomiske musklar og som har heile sponsormarknaden i byen bak seg. Sitatet betyr rett og slett ”St. Petersburg er ingen fotballby”. Det er også konklusjonen eg kom fram til etter feltarbeidet.

Det andre sitatet kan omsettast med ”Her er min stadion (informanten peker på fjernsynet) og her er mi tribune (informanten peker på senga)”. Det er i stor grad mitt inntrykk av fotballen i St. Petersburg, trass i at ein kan sjå mange gå rundt med fotballskjerf om vinteren (mykje godt dei einaste skjerfa ein kan kjøpe som ser slik ut kunne Masja fortelje).

Om ein samanliknar talet på tilskodarar i St. Petersburg med andre storbyar i Europa er det heller ikkje imponerande. Det kan det vere fleire grunnar til som eg vil komme inn på etter kvart, økonomi, sikkerheit med meir. Snittet kunne sikkert ha vore høgare hadde stadion vore større, mange kampar, som mot Spartak og Dinamo, hadde nok trekt fleir folk enn det som kjem på Petrovskij stadion annankvar søndag. Men kampane mot svakare lag trekk ikkje ein gong full stadion. Men på ein heilt vanleg ordinær fotballkamp, som til dømes mot Tom frå Tomsk greier ikkje laget å fylle stadion med 23 000 tilskodarar i ein by med over fem millionar innbyggjarar. Dette til trass for at alt ligg til rette for at folk skal gå på kamp, både med transport og tidspunkt.

I Sovjetunionen hadde ein få moglegheiter til å bli med i dei organisasjonane som ein sjølv ville, om dei fantes, men gjennom å vise kva klubb ein heldt med kunne ein også seie noko om kva haldning ein hadde til det politiske regimet. Ein var fri til å velje klubb, som Levon Abramian, ein armensk antropolog, fortalte journalisten og forfattaren Simon Kuper (1996):

”In a Communist country [...] the football club you supported was a community to which you yourself chose to belong. The regime did not send you to support a club [...] It might be your only chance to choose a community, and, also, in that community you could express yourself as you wished. To be a fan [...] is to be gathered among others and to be free”


Dette gjaldt kanskje spesielt for Moskva der det fantes mange lag å halde med, men også andre byar hadde fleire lag. Spartak vart rekna som folkets lag og fekk store tilskodarar. Dette viser at det å vere interessert i fotball ikkje alltid berre handlar om spelet på banen, fotball og politikk heng i stor grad saman. Dette elementet er også viktig med tanke på at mange følte seg undertrykte i Sovjetunionen og trengte ein arena kor dei fritt kunne komme med politiske ytringar og føle seg fri. Under sovjetida var forsamlingsretten innskrenka, særslig den politiske, og her kunne fotballstadion fungere som eit substitutt for andre stadar det hadde vore meir naturleg med politiske ytringar.

I 1983 førte ein sokalla graffitikrig mellom Moskva-klubbane til heftig møteverksemd mellom klubbadvokatane i Moskva. Over heile byen tagga supporterane til dei store Moskvalaga slagord og klubbnamn ("C" for Spartak, "D" for Dinamo og "TsSKA") rundt om i heile byen, på veggar, hushjørne, trappeoppgangar og der det elles måtte passe seg. Formaningar frå det offisielle Moskva sa at ein skulle ikkje tilgrise offentleg eigedom med slikt, så sjølv om tagginga kan sjåast på som ei politisk handling hadde taggarane respekt for systemet og måtte gje seg. Året etterpå var grafittien mest ikkje å sjå. Dette kan også sjåast på som politiske ytringar, Spartak vart sett på som laget for vanlege folk og som ofte ikkje var dei som var mest for regimet, medan Dinamo var "kvitsnipplaget".

3.1 Julianotti om tilhengjarar

Giulianotti (2002: 30) argumenterer for fire typar tilhengjarar som vist i figur 3. Hovudkriteriet for klassifisering av idealtypetilhengjarar i modellen kjem an på kva slags identifisering ein har med ein bestemt klubb, i dette kapittelets tilfelle Zenit og Petrotrest i St. Petersburg.

Dei fire gruppene er delt etter to aksar: varm-kald (*hot-cold*) og tradisjonell-konsument (*traditional-consumer*). Hjelset (2006: 150) kallar dimensjonane for intense (*hot*) og distanserte eller mindre engasjerte (*cold*), og tradisjonelle og moderne.



Figur 3: Supporterar, følgjarar, fans og flanørar. Frå Julianotti (2002: 31).

Varm-kald-aksen viser kor mykje klubben eller laget har å seie for individets sjølvformingsprosjekt, medan den andre aksen viser kor mykje ein supporter investerer i ein klubb.

”Topofili” blir brukt for å beskrive ein affeksjon for folk mot spesielle sosiale samanhenger eller plassar. ”Topofobi” er det motsette, frykt eller angst for spesielle sosiale samanhengar eller plassar.

Det er vanskeleg å plassere tilhengjarar nøyaktig i grupper og vere konsekvente med omgrepene vanskeleg. I teksta vil omgrepene bli nytta om kvarandre, men eg vil plassere dei ulike informantane i boksen etter kor dei hører best hører heime.

3.2 Den kulturelle Masja

Masja som er i midten av tjueåra er ikkje interessert i fotball i det heile tatt, men ho veit at det finns eit bra lag i St. Petersburg, men ho kjenner ikkje til dei andre laga i byen. Ho reagerar på at folk kan bruke fleire hundre rublar for å gå på fotballkamp, sjølv går ho ofte på Ermitasjen⁵⁴, Det russiske museet og andre museum i byen. Ho reiser også ofte til andre byar om helgene for å besøke andre museum, både åleine, saman med mannen eller saman med venninner. Til dømes er Pusjkin ein by ho ofte reiser til for å sjå palassa og utstillingane der.

For Masja er kunst, utstillingar, bygg og liknande høgkultur, medan ho ser på fotball som lågkultur. Dette må ikkje forvekslast med det ein i det russiske språket kallar *kul'turnyj* og *njekul'turnyj*, noko med ei viss danning og kulturlaust eller udanna menneskje. Det å vere *nekul'turnyj* betyr ikkje at ein droppar Mariinskij-teateret og tek seg ein tur på tredjedivisjonskamp i staden, men at du er temmelig omgrepsslauv når det kjem til høfleghet og andre ”kutymar”. Det ligg nok nærmare *kul'turnyj uroven*, kulturelt nivå, altså høgt eller lågt nivå på kulturen, ein St. Petersburg-borgar meiner til dømes ofte at han er på eit høgare kulturelt nivå enn ein frå landsbygda, mellom anna fordi han har moglegheit til å gå i teateret og sjå på alle desse fine husa ein har i St. Petersburg.

⁵⁴ Statleg museum i St. Petersburg, eit av dei største musea i verda for kunst- og kulturhistorie med mellom anna verk av Leonardo da Vinci, Rubens, Rembrandt og Picasso.

Masja ser på ein fotballsupporter ein med lågt kulturelt nivå og museumsgjengaren som ein med høgt kulturelt nivå. For ho er Ermitasjen, Nevskij Prospekt⁵⁵, bruene, Mariinskijteateret⁵⁶ og andre attraksjonar som St. Petersburgs stoltheit. Ho ser også på St. Petersburg som ein betre by enn Moskva⁵⁷, byen vart oppbygd i europeisk stil av tsaren Peter den Store og har sidan grunnlegginga hatt mykje kontakt med Vesten.

Den jamne St. Petersburg-innbyggjar som eg snakka med i løpet av mitt felter arbeid i byen ramsa alle opp dei same attraksjonane som det viktigaste for byen. Det var uvanleg at folk snakka om fotball eller spurte om eg hadde vore på Zenit-kampar. Mi vertinne, ei tilårskommen dame som hadde ei toroms ganske sentralt i St. Petersburg, var veldig opptatt av at eg måtte få med meg alle sjåverdige bygg og museum i byen medan eg var der, eg som eit kultivert menneskje⁵⁸ burde ikkje gå på fotballkampar, men burde halde meg til kultiverte ting. Det var vanlegare som utlending å bli spurt kva eg syntes om Ermitasjen enn om eg visste noko om fotball.

3.3 Strukturelle rammer

I byrjinga var kampane ofte oppvisningskampar i pausen på sykkelløp, men det vart fort arrangert eigne fotballkampar og interessa vaks fort. Klubbane bar ofte namn som kunne seie noko om opphavet til spelarane som Victoria med sine engelskmenn. Ser ein på lista over spelarar som spelte i ulike ligaer i St. Petersburg i tidsrommet 1901-1923 ser ein mange utanlandske namn som Andresen, Hagen-Torn, Garfunkel og Irvine. Det er fotballhistorikaren Lukosjak (1997) som har laga lista inneheld rundt 3000 namn på både russiske og utanlandske spelarar.

Den største klubben i byen, Zenit, daterar seg tilbake til 1925 og har sitt opphav i Leningrad metallfabrikk (oppkalla etter Stalin)⁵⁹ og rustningsindustrien. Laget bar namnet Leningradskij Metallitsjeskij Zavod. I byrjinga spelte laget berre lokale turneringar, Som med mange andre klubbar i Russland og Sovjetunionen har også dette laget skifta namn opp gjennom historia,

⁵⁵ Hovudgata i St. Petersburg.

⁵⁶ Opera- og balletteater i St. Petersburg.

⁵⁷ Moskva blir ofte kalla for verdas største landsby av folk i St. Petersburg.

⁵⁸ Noko ho meinte på bakgrunn av at eg er student.

⁵⁹ Leningradskij metallitsjeskij zavod imeni Stalina. (<http://fc-zenit.ru/info/page.phtml?id=79> [05.04.07]).

klubben vart i 1936 oppkalla etter Stalin og bar namnet Stalinets og frå 1940 Zenit. Namnet har vore uforandra sidan då.

Av andre klubbar som eksisterar i dag, men som ikkje er nemnt i oppgåva er Galaks, Istotsjnik, Istotsjnik-ELES, Kalininets, Lokomotiv, Pobeda-Avtomobilist, SKA, SKF, Sport og Khimik-ICN. Desse laga er lenger nede i divisjonssystema og vart aldri omtalt av mine informantar.

I forhold til Moskva og Kiev i Sovjetunionen var fotballen i St. Petersburg underlegen, det vart med eit sovjetisk seriemeisterskap i 1984. Sigeren hadde sitt å seie for interessa rundt laget, feiringa på Nevskij Prospekt, hovudgata i byen, blir hugsa den dag i dag. Fleire av dei som var med å vinne seriegullet sit no i posisjonar i St. Petersburgs fotballverd.

Zenit er sponsa av eit av Russlands største firma, Gazprom, som er ei statleg bedrift som driv med mellom anna olje og gass og er blant Russlands rikaste firma. Klubben har store finansielle musklar, den er åleine om å skaffe seg sponsorar i Petersburg. Dette har gitt klubben moglegheiter til å skaffe seg bra spelarar, på laget hausten 2006 var det rundt ein tredjedel utlendingar og trenaren er frå Nederland, Dick Advocaat. Gazprom finansierte til dømes kjøpet av den ukrainske spelaren Anatolij Timosjtsjuk og er også med å finansiere løna hans på rundt 20 millionar dollar i året (Sonin 2007).

Tidlegare spelte Zenit på Kirov stadion som tok 72 000 tilskodarar, men flytta til Petrovskij stadion for nokre år sidan i påvente av at den nye stadion skal bli bygt. Den skal opne i 2009. Petrovskij består av sjølve hovudstadion, men har også eit mindre anlegg knytt til seg – Malyj Petrovskij – der Zenit2 og Petrotrest spelar. Der er det også tribunar, men underlaget er kunstgras som gjer at fleire kan spele der og det er ikkje same slitasje på matta. Heile anlegget er ein del av ein fleirbrukspark for sport. I tillegg til stadion for fotball finn ein også anlegg for symjing, stup, friidrett med meir.

Den siste kampen som vart spelt på Kirov stadion var seriekampen mellom Zenit og Dinamo den 5. juli 2006, både fordi Petrovskij ikkje var tilgjengeleg og for å ta avskjed med Kirov. Zenit spelte på tidleg 1990-tal på forskjellege anlegg i St. Petersburg, men frå midten av 1990-talet vart Petrovskij fast arena. 45 000 kom for å sjå den siste kampen på Kirov før den vart rive. Den gamle, ærverdige Sektor 33, sektoren for dei mest ihuga supporterane på gamle

Kirov stadion, som også er omtalt i Zenit-hymnen, vart ikkje brukt under den kampen⁶⁰. Sektor 33 låg i eine svingen og var kjent i heile Sovjetunionen for å tiltrekke seg bra supporterar.

Petrovskij som den står i dag er ikkje bra nok for det som krevjast av eit moderne stadion. Stadion manglar tak, den manglar bra fasilitetar for kundegrupper som kan betale meir for seg, VIP 1 har 74 plassar, VIP 2 har 222 plassar. I Vest-Europa har VIP-boksar blitt ein heilt naturleg integrert del av stadion, ein skal kunne ta med forretningsforbindelsar på fotballkamp og bli oppvarta med alt det ein skulle trenge, mat, drykk og ein skal komfortabelt kunne sjå fotball.

Fjernsyn er viktig i fotballen, ikkje alle går på stadion, mange ser også kampar heime hjå seg sjølv (Sonin 2007). Alle kampane til Zenit går på tv i Petersburg, ikkje betal-fjernsyn, men kanalar som alle kan få inn. Dette gjer at det er lett å fylgje Zenit utan å måtte gå på stadion for å sjå kampane. Vladimir Putin gjekk i mars ut og forlanga at russiske kampar framleis skal visast gratis på fjernsyn. Professor ved TsEFIR⁶¹, Konstantin Sonin, skriv at Putin sendte visestatsminister Dimitrij Medvedev, som også er styreformann i Gazprom, selskapet som eig NTV-Plus gjennom Gazprom-Media holding som vil sende kampane på betal-tv. Om ikkje kampane går over til å bli vist på betal-tv, blir Putin og folket vinnarane, medan klubbane blir taparane som går glipp av store summar i året frå tv-avtalen som var forhandla fram.

Sonin skisserar også det økonomiske utfallet av at tv-avtalen ikkje blir noko av. Det russiske folk må betale i staden. Om tv-avtalen hadde blitt noko av hadde dei som ser kampane måtte betalt, medan utan tv-avtale må folket ta sin del av rekninga gjennom skatteinsetting. Staten kjøper då opp rettane og sender kampane gratis.

På alle heimekampane til Zenit gjer politiet det beste for å ivareta sikkerheita. Ein må igjennom fleire kontrollar, det kjem an på motstandaren kor mange, før ein slepp inn på stadion. Vanleg er kroppsvisitering, sjekk av sekkar og vesker, billettkontroll og flaskekontroll. Det er lov å drikke alkohol på stadion, øl kan ein kjøpe overalt. Før kampane stenger politiet av vegane rundt stadion slik at ein får fri lei til stadion. Det same skjer etter

⁶⁰ <http://www.petrovsky.spb.ru/stadium/id/36> [07.04.07].

⁶¹ Tsentr Ekonomitsjeskikh i Finansovykh Issledovanij i Pazrabortok ved Rossiskaja Ekonomitsjeskaja Sjkola

kampen. Politiet passar også på kor mange som slepp ned på metroen slik at det ikkje skal bli trengsel og oppstå farlege situasjonar nede på perrongen. Politiet er også tilstades på kampane til Zenit2 og Petrotrest, men der er det sjeldan mange tilskodrarar og det held som regel å seie at ein skal på kamp. Desse kampane er av og til gratis, av og til må ein kjøpe billett, men då ved inngangen til tribuna, så politiet sjekkar ikkje billettar ved inngangen.

I den grad fotball sette sitt preg på byen var det at folk gjekk rundt med supportereffektar som ein kunne kjøpe på spesielle Zenit-butikkar. Rundt om i byen ligg utsalsstadar for Zenit-effektar. Ein kan kjøpe alt mogleg rart med klubbsymbol, koppar, dynetrekk, sparkebukser, filmar frå sesongane før og mykje meir. Masja meinte at mange gjekk rundt med effektar som skjerf og lue mykje godt av praktiske grunnar, for å halde varmen i ein by som kan vere ganske sur og kald.

3.4 By mot by (St. Petersburg mot Moskva)

Kampar mellom byar var vanleg fram til revolusjonen då byane tok ut dei beste spelarane i byen for å spele mot andre byar i Russland. Moskva har alltid vore ein viktig motstandar, Peter den Store flytta hovudstaden frå Moskva til St. Petersburg, det er det moderne mot det gamle. Begge byane er store og konkurranseinstinktet er på plass mellom dei to. Dette gjeld også for fotball, dei nærmeste laga frå St. Petersburg er Moskva-laga. I Moskva er det interne oppgjer som er det viktigaste. Kampane mellom Dinamo og Spartak har preg av internasjonale byderby.

Det tradisjonelle hatoppgjeret for folk frå St. Petersburg er kampane mot Spartak Moskva. Spartak Moskva er rekna som ”folkets” lag i Moskva, medan Zenit er heile byens lag i St. Petersburg. Når eit storlag frå Moskva spelar kjem det også ein del tilreisande supporterar, byane ligg ikkje lenger unna kvarandre enn at det kan komme fleire tusen tilreisande. Det same gjeld når Zenit spelar i Moskva. I kampen mot Tom var det ei gruppe på 15-20 bortefans i det avsperra området for det gjestande lags supporterar. FK Moskva hadde rundt 50 fans då dei spelte sin bortekamp i St. Petersburg. Om dette er tilhengrar som reiser med laget eller folk som bur i St. Petersburg veit eg ikkje, men ein kan ikkje sjå vakk frå det siste.

Ingen av dei eg snakka med var interesserte i at St. Petersburg skulle ha eit lag til i toppdivisjonen. To grunnar vart nemnt, den første var det økonomiske. Det er for lite sponsormidlar i sirkulasjon i St. Petersburg. Eit punkt gjekk igjen hjå alle eg snakka med, dei

økonomiske ressursane ligg i Moskva, det er dei som får mest støtte og har moglegheit til å ha så mange klubbar i toppen. Dimed er det plass til berre ein klubb i byen, og den klubben finns allereie og er Zenit. Den er så å seie einerådig på den marknaden og ein ekstra klubb ville føre til større konkurranse om midlane og om dei skulle dele like ville ingen av klubbane fått nok til det som krevjast av ein klubb til å bli ein toppklubb. To toppklubar vil også føre til ein kamp om tilskodarane, når Zenit ikkje trekk full stadion i dag, korleis skal to klubbar kunne greie å gjere det? Sjølv om St. Petersburg har hatt andre bra lag før, Lokomotiv St. Petersburg var i nest øvste divisjon i 2000 og Dinamo St. Petersburg i 2003⁶², har dei på mange år ikkje vore reell konkurranse om kven som er best i byen. Dei viktige kampane er dei mot Spartak Moskva. Eit ønskje blant fotballtilhengarar er at *byen*, det vil seie Zenit skal vinne serien igjen. Den andre grunnen er den sportslege. Den heng tett saman med den økonomiske, det krevjast mykje ressursar av ein klubb å halde seg på eit sportsleg høgt nivå. Med to klubbar i toppen vil dei i tillegg til å kjempe med kvarandre om økonomiske ressursar også kjempe mot kvarandre på spelarmarknaden.

Fotballtilhengarane i St. Petersburg lever mykje på det som skjedde i 1984. Zenit vann serien og det er enno folk som hugsar dette. Heile byen feira etter gullet og mange av dei spelarane som vann serien har seinare vore viktige i andre rollar i byens fotball, mellom anna som trenrarar og leiarar. Situasjonen kan samanliknast med den i Bergen og Brann eller Hibernian i Edinburgh, aller byar lever i håpet om betre dagar, begge har venta lenge og alle har venta forgjeves.

I hymnen til Zenit, som ligg på klubbens offisielle heimeside⁶³, er det Leningrad som er brukt, ikkje St. Petersburg. 1984 er ikkje nemnt, men songen har ikkje blitt oppdatert etter byen skifta namn i 1991, den tida klubben hadde den beste tida si. Den einaste russiske klubben som blir nemnt er Spartak (Moskva) i tillegg til internasjonale klubbar som Rapid (Wien), Hamburg og at dei skal hente heim UEFA-cupen, som markerar den internasjonale draumen til klubben. Slik lever tilhengarane på gamle minner og håpet om framtidia. Stas seier at

eg var 23 år då Zenit vann serien, cupen betyr ingenting, det er berre viktig med tanke på å bli med i UEFA-cupen, det er serien som er

⁶² Rykka opp igjen til nivå tre hausten 2006.

⁶³ www.fc-zenit.ru [13.03.07].

viktig Alle Moskva-lag er dritt, Spartak, Lokomotiv. Men verst er Spartak.

3.5 Klubb mot klubb i byen

Då eg byrja feltarbeidet trudde eg at om ein var interessert i fotball og var frå St. Petersburg ville ein naturleg bli Zenit-tilhengar. I stor grad er det også mitt inntrykk etter feltarbeidet, men då eg snakka med Dima fekk eg eit betre bilet av dette. Han er ein stor fan av det nest beste laget i byen for tida, Petrotrest. Han går på alle kampane og ser mykje fotball på tv. Han fortalte meg at det er vanleg for supporterane til Petrotrest å heie på Zenit, men dei fleste går ikkje på kampane, det er trass alt berre eit lag.

Petrotrest hadde ikkje fast kampdag. Det var ikkje alltid like lett å finne ut kor tid laget spelte. Laget spelar sine kampar på Malyj Petrovskij som ligg rett ved Petrovskij der Zenit spelar sine kampar. Petrotrest er eit stort firma i Petersburg som mellom anna driv med eigedom⁶⁴. Heimesida til Petrotrest var berre ein del av firmaheimesida og vart mest aldri oppdatert. Supportersida var noko betre. Ein kunne også finne kamptidspunkt i *Afisja*, ein guide til Petersburg som kjem ut ein gong i veka. Der stod dei ei lita notis om kor og kor tid Petrotrest hadde heimekamp. Ein gong kom eg til stadion til det tidspunktet som var annonsert, men då var kampen nett ferdig. At det ikkje blir gitt skikkeleg beskjed om kor tid kampane går, viser kor lite viktige desse kampane blir sett på (kampen skulle gå klokka 1600, men vart flytta til klokka 1400, tysdag 31.10.06). Eg snakka med nokre fans på veg ut av stadion som sa at kamptidspunktet hadde blitt framskutt med to timer. Eg hadde sjekka tidlegare på dagen både på den offisielle og den uoffisielle heimesida og *Afisja*, men ingen hadde oppdatert det nye klokkeslettet, det hadde heller ikkje heimesida til *Afisja*. Dei som var på kampen sa dei var enten kjenningar av dei som spelte, folk som var i klubbsystemet eller anna fans. Visstnok hadde dei opplyst om det nye tidspunktet på heimekampen før over høgtalaranlegget, som eg hadde vore på, men det hadde eg ikkje fått med meg. Dette viser kor uviktig kampane til Petrotrest er, at ingen opplyser om endra kamptidspunk, ein reknar vel med at det er berre den inste kjernen som går på kampen og at dei får vete om det uansett.

Petrotrest spelar i den tredje øvste divisjonen, divisjon 2, kor dei sleit i botn av tabellen. I mitt intervju med Dima som går på alle heimekampane til Petrotrest sa han at den store drøymen

⁶⁴ Klubblogoen til Petrotrest er ein fotball med byggehjelm.

til lagets supporterar er å rykke opp ein divisjon og etablere seg der. Dei har vore der, men rykka ned i 2005, men dei vil tilbake. Då kan dei også ha eit betre samarbeid med Zenit, kanskje til og med leie spelalar frå Zenit og bra spelalar på Petrotrest kan gå til Zenit.

Laget spelar utan reklame på draktene, men klubben er ein del av byggefirmaet Petrotrest, derav klubbnamnet. I følgje Dima er det ingen som er interesserte i å sponse laget, det er for dårlig, har for få tilskodarar og er lite i media. Dette blir også ein vond sirkel. Utan økonomisk støtte er det også vanskelegare å bli eit betre lag for igjen å få meir støtte.

Det var ikkje mange tilskodarar på kampane til Petrotrest, frå femti til hundre og femti⁶⁵. Som i kampane til Zenit var mange av dei folk som såg ut til å hugse gullet til Zenit i 1984. Den offisielle klubbbeimesida er ein del av firmaets side, men oppdaterast sjeldan, har lite informasjon og oppdateringa er dårlig.

Zenit2 vart grunnlagt i 2001 med namnet Lokomotiv, men frå juni vart den kalla Lokomotiv-Zenit2 og frå 2002 berre Zenit2. Den har den same logoen som Zenit, berre med eit 2-tal i. Klubben ligg i same divisjon som Petrotrest og har fungert som farmarklubb til Zenit, men har ikkje lenger formelt noko med Zenit å gjere. Klubben må ikkje forvekslast med Lokomotiv St. Petersburg som i 1996 gjekk saman med Saturn-1991 (tidlegare Smena-Saturn) til Lokomotiv-Saturn og spelar lågare divisjonar. Lokomotiv spelar også i lågare divisjonar, men etter 2005 forsvinn alle spor etter Lokomotiv. Dinamo St. Petersburg er ein annan klubb som også er blitt dårligare, den bytta i 2004 namn til Diskaveri. I fjerde øvste nivå finn ein Torpedo St. Petersburg. Det finst fleire lag, men ingen som er høgt oppe i divisjonssystemet.

I og med at det er så stor forskjell på laga i St. Petersburg, finst det ikkje nokon lokale byderby i St. Petersburg i dag. Slike derby kan vere med å auke interessa i ein by der supporterar engasjerar seg meir for sin klubb.

Samstundes, det var ingen av dei eg snakka med som kom frå St. Petersburg som ikkje heia på Zenit, sjølv om det ikkje var laget dei heia mest på, fann eg ikkje folk som var direkte motstandar av klubben. Dette reagerte eg på, det vil vere normalt å hate den store klubben i

⁶⁵ På heimesida til supporterane står det at enno fleire var på kampane, men det passar ikkje til oppteljinga mi, det var berre ein kamp selde billettar som dei kunne tel opp etter kampen.

byen, men svaret ligg nok i det at Zenit er så mykje større enn dei andre klubbane og det er ikkje nokon reell konkurranse mellom Zenit og andre klubbar at dette er ikkje nok supporterar brukar tid på. Til og med Nevskij Front kan gå på kampar til andre lag for å heie dei fram. I Moskva ville dette vore uhøyrt.

Basert på mine observasjonar er dei fleste i St. Petersburg som er interesserte i fotball tilhengjarar av Zenit, det er berre veldig få som heitar på nokon av dei andre laga i byen. Ser ein seg litt rundt på stadion er den dominerande gruppa menn i alderen førti og oppover. Dette er ei gruppe som hugsar sist Zenit vann serien i 1984. Eg var i løpet av opphaldet mitt på fire heimekampar, den første nytta eg meg til å få eit overblikk over kor folk satt før eg bestemte meg for at eg på resten av kampane skulle sitje på sektor 2 kor det satt fleire forskjellelege folk frå barnefamiliar, einslege unge menn og eldre. Livet på Sektor 2 er ikkje som i svingen der Nevskij Front held til, men den hadde sitt eige liv.

Dei tre einaste Petersburg-laga eg såg på stadion var Zenit, Zenit2 (som ikkje har noko med Zenit å gjere, meir om det seinare) og Petrotrest. Elles så snakka eg med mange i løpet av mine tre månader i St. Petersburg, men gjennomførte ikkje så mange intervju. Eg intervjua Viktor som eg vil rekne som langt over gjennomsnittet interessert i fotball. Det same kan seiast om Stas som fører resultatbøker for fotballresultat.

3.6 Fotball på pub

Alle kampane til Zenit går på tv, enten dei går på lokal-tv eller på riksdekkande tv. Eg var sjølv ikkje på nokon av bortekampane til Zenit, men eg såg dei på fotballbarar i byen. Som regel var eg på Fiz-Ra, ein liten, men litt dyrare pub ikkje langt frå Nevskij Prospekt, hovudgate å Petersburg. Der var det alltid fullt under kampane med god stemning. Det som gjekk at var at det som regel var folk som hadde litt god råd som var der, det kosta noko meir for ei øl enn på dei billigaste plassane i byen. Folk åt også mat under kampane og snakka med kvarandre medan dei såg kampane. På Fiz-Ra viste dei også internasjonale kampar, men då var det ikkje så mange som var der. Puben var som regel full under bortekampane til Zenit, sjølv om folk også kunne sitte heime å sjå, i og med at kampane ikkje gjekk på betal-tv, men på vanlege kanalar.

Noko som var vanleg når det vart vist fotball på pubar var *biljet*, det vil seie at ein enten måtte kjøpe seg ein kupong når ein kom inn i lokalet, denne kosta som regel 400 rublar (omkring

100 norske kroner). Det fungerte slik at denne var gyldig som betaling, så om ein kjøpte mat og drikke for 400 rublar kosta inngangen ingenting, kjøpte ein for eksempel for 300 rublar vart inngangen kostane 100 rublar. Dette var for å sikre ei viss omsetting og for å hindre at folk berre satt der og såg kampen utan å kjøpe noko. Som utlending slapp eg som regel å betale, eg snakka med innehavaren av baren Fiz-Ra som sa med at utlendingar kjøpte for 400 rublar uansett og at det ikkje var dei han ikkje ville ha sitjande. Dette systemet gjorde i sin tur at ein må ha pengar for å kunne gå ut og sjå kampar. 400 rublar er mykje pengar for ein fabrikktilett. For 400 rublar kan ein også kjøpe seg ein billett på stadion på langsida. Fiz-Ra hadde mange små skjermar, trass i at lokalet ikkje var stort, det var sitteplassar til om lag knapt hundre gjestar. I tillegg var det storskjerm på eine veggen. Om sommaren kunne ein også sjå kampar småskjermar på plattingen ute der det var uteservering.

På Fiz-Ra var det godt kledd, unge russarar som kom. Dei fleste kom litt før kampen og åt og drakk. Under kampen satt folk og prata medan dei såg på fotball, gjestar vart aldri bedt om å teie under kampen fordi nokon ville høyre kommentatorane. Etter kampen gjekk dei fleste, men mange vart også sittande å hygge seg utover kvelden.

Innehavaren av puben var svoren fotballfan. Han såg ut til å kjenne stort sett alle som var innom, så antakeleg var det mange stamgjestar der. Eg kjente også igjen fleire kvar gong eg var der.

Ein dag, utan varsel, var plassen stengt. Eg var der også når Zenit ikkje spelte for å sjå andre kampar på tv, men det hang ikkje oppslag om at plassen skulle stenge. Like før eg kom hadde også baren Sportbar blitt stengt, ein plass som alltid var godt besøkt når det var fotball på tv.

3.7 ”Senga er mi tribune, fjernsynet min stadion”

Stas er ein heilt vanleg mann i St. Petersburg. Til vanleg arbeider han på fabrikken, den er hemmeleg og han kunne ikkje fortelje kva for slags fabrikk dette var. Han er 44 år og bur heime hjå mor og far midt i byen i ei stor treroms leilegheit. Han har ikkje fast fylgje, eller som han seier sjølv at ”for å få meg dame må eg flytte ut, for å flytte ut treng eg dame”. Det er også økonomiske grunnar til at Stas bur heime, foreldra er pensjonistar og Stas er einaste born i familien og den einaste som har fast inntektsbringande jobb. Det vil seie, om han i det heile får utbetalt løn. For å spe på inntekta leier familien ut eit rom til utlendingar. Det var slik eg treftte Stas, eg budde der ein månad i 2001 og to månader i 2003. Faren til Stas oppheld seg på

datsjaen store delar av året og mora er på *datsjaen* anna kvar månad gjennom sommarhalvåret. Når ho er heime er det for å ordne praktiske ting og for å vøle opp og handle for Stas. Utan dame og med ei mor som ikkje let han flytte ut brukar Stas mykje av tida si på fotball. På stua har han kladdebøker der han skriv opp resultat frå alle moglege kampar som han slår opp i når han er usikker på resultata. I tillegg til å skrive opp resultat kjøper han kvar veke avis *SportWeekend* som kjem ut to-tre gonger i veka for å halde seg oppdatert. Denne avis tek han vare på eller bytter ho i ei anna sportsavis på jobben. Det hender også at han kjøper andre aviser som *Sovjetskij Sport*, men mest aldri *Sport-Express* som han synes ikkje er bra nok⁶⁶. I tillegg ser Stas alt som er på TV av sendingar som har med fotball å gjere og ramsa opp knappe ti program som han prøver å få med seg frå oppsummering etter kamp til diskusjonar som har med fotball eller sport å gjere. I tillegg kjem radioprogram som han prøver å få med seg der det også blir diskutert fotball. På stua har Stas også fleire kassettar med songar om Zenit som han høyrer på, best likar han dei gamle songane som ofte omhandlar 1984.

Denne interessa for sport samanliknar Obare med religiøsitet,

In the modern society today, there are a number of interesting parallels between sports and religion, including the "worship" of athletes as gods and heroes [...] the "idolisation of former athletes in Sport Halls of Fame [...], the daily "reading" of the sport pages by the "devout" fan, the collection of "symbols of Faith" such as trophies, baseballs, game balls, and sport-related souvenirs, and the charisma that is attached to the elites and leaders in the sport milieu. (Obare 2000: 5)

Sport kan bli sett på som ein ”kvasi-religion” fordi den deler mange av dei felles karakteristikkane og sosial funksjon. Ein kan også sjå på sport som ”naturleg” religion,

because both are shaped by what he sees as an impulse for freedom, respect for ritual limits, a zest for symbolic meaning, and a longing for perfection. It is a type of godliness because they emerge out of the same quest for perfection in body, mind and spirit that leads people to

⁶⁶ Russarar er opptatte av resultat, men det er ikkje alltid historia bak er like sann (det skjer jo også i vestleg presse). I 1999 vart eg oppringt av Romsdals Budstikke i Molde som trengte nokon til å omsette ein artikkel om Molde-trenaren Erik Brakstad i forbindelse med at Molde spelte mot TsSKA Moskva. Avisa *Sovjetskij Sport* hadde ein artikkel om at trenaren til Molde var fascist som vart slått stort opp. Han skal ha sagt at ”mine spelarar spelte med hat. Den kjensla for russarar har dei i blodet” (VG, 09.08.99, <http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=6621109>. Ved kommunevalet i 1999 stod Erik Brakstad oppført på RV-lista i Molde.

form their conceptions of God-conceptions that always embody the ideals of a particular group or society.(Obare 2000: 7)

På fabrikken er det to gjengar, dei som er interesserte i fotball, og dei som ikkje er det seier Stas. Fotball er meir enn gleda og spenninga av å sjå spelet, det er også eit viktig samtaletema der samtalen blir sterkt prega av korleis Zenit spelar.

*Humøret på måndag kjem heilt an på korleis Zenit spelte om helga.
Når Zenit spelar bra er det god stemning på fabrikken, når dei spelar
dårleg er stemninga dårlig. Spelet påverkar humøret.*

I pausane blir det diskutert fotball, alle på fabrikken som er interessert i fotball heiør på Zenit, ingen heiør på Moskva-lag, eller om dei gjer så er det ingen som seier det. Det blir også fortalt vitsar om spelarane som ”Kerzjekov går over til rugby – skyt, skyt, over mål”⁶⁷. Det er heller ikkje nokon andre på fabrikken som går på kampar, aller ser kampane på fjernsyn. Giulianotti (1999: 70) skriv at

[...] football supporters of the modern age belong to an 'imaginary community' of those that follow the same club. They may never encounter these fellow fans, nor even attend the club's home fixtures, yet the sense of communitarianism continues undiminished.

Stas omtalar seg sjølv som *bolelsjik* (supporter) og ikkje *fanat* (fanatikar, fan). Han definerar *fanatar* som supporterar som er på alle heimekampane og som også reiser på alle eller dei fleste bortekampane og som elles bruker alt dei har av tid og pengar på den klubben dei følgjer med.

Giulianotti (2002: 31) skil mellom fan og supporter. Om supporter skriv Giulianotti (2002: 33) at

The traditional [...] spectator is defined here as a supporter of the football club. The classic supporter has a long-term personal and emotional investment in the club. This may be supplemented (but never supplanted) by a market-centered investment, such as buying shares in the club or expensive club merchandise, but the rationale for that outlay is still underpinned by a conscious commitment to show thick personal solidarity and offer monetary support toward the club.

⁶⁷ Aleksandr Kerzjakov, Zenit-spelar og landslagspelar for Russland, i tillegg til å skåre mange mål er han også kjent for å brenne store sjansar.

Showing support for the club in its multifarious forms (including market ones) is considered to be obligatory, because the individual has a relationship with the club that resembles those with close family and friends. [...] More routinely, whereas the players at the club may change, the ground is always “home.” Renouncing support or switching allegiances to a rival club is impossible; traditional supporters are culturally contracted to their clubs.

Etter denne definisjonen er Stas ein supporter. Sjølv om stadion har blitt bytta ut (og snart skal bli bytta ut igjen) er byen og laget det same. Med stadion her kan ein ikkje forstå stadion berre som det anlegget eit stadion er, ein klubb kan bytte ut banen, men den banen som blir brukt under heimekampane må reknast som stadion her.

The traditional [...] spectators are followers of clubs, but they are also followers of players, managers, and other football people. The follower is so defined not by an itinerant journey alongside the club but, instead, by keeping abreast of developments among clubs and football people in which he or she has a favorable interest. The follower has implicit awareness of, or an explicit preconcern with, the particular senses of identity and community that relate to specific clubs, to specific nations, and to their associated supporter groups.
(Giulianotti 2002 :34)

Stas meinte også at utlendingar på laget ikkje var noko problem, det kom heilt an på korleis dei var og om dei gjer alt for laget. Den norske spelaren Erik Hagen er kjent for å gje alt for Zenit når han er på banen og samstundes har han vore lenge i byen, han er ikkje ein som har brukt Zenit som springbrett for å komme seg vidare, ein spelar Stas trekk fram når han snakkar om utlendingar i klubben⁶⁸.

Eg spør kvifor han ikkje går på kampar, men han svarar at han ikkje heilt veit grunnen. Han har ikkje vore på så mange kampar i sitt liv. Han var på nokre kampar for 15-20 år sidan saman med faren eller med kompisar, men sidan det har han ikkje vore. Han veit ikkje kor mykje det kostar no lenger, men det er ikkje det som skulle halde han vekke, han skulle alltid ha klart å skaffe pengar til ein fotballkamp. Han har aldri vore på bortekamp. Dette er ein slags ”topofobi” som Giulianotti beskriv. Før var det fleire som gjekk på kampar, laget var betre, meiner han. I dag er det berre av og til fullt på Petrovskij, tatt i betraktning at Kirov

⁶⁸ Erik Hagen gjekk til Zenit i 2004 frå Vålerenga. Det er sikkert ikkje tilfeldig at han snakka om ein nordmann i og med at han samtala med ein anna nordmann.

hadde ein kapasitet på 72 000 og Petrovskij på 22 000 er forskjellen stor, det var fleire som gjekk på kampar før enn det er no.

Det er fleire grunnar til at folk ikkje går på fotballkampar i St. Petersburg. Av grunnane som vart nemnt av informantane er billettprisar og stress med å komme seg til og frå kamp. Heime kan ein slappe av, sjå måla i reprise. Av dei som går på kamp har mange gått fast i mange år, på meg verka det til å vere to hovudgrupper, dei som hugsar gullet i 1984 og dei nye som er komne til dei siste åra som står i svingane med banner og rop etter vesteuropeisk modell.

”Her er min stadion (informanten peker på fjernsynet) og her er mi tribune (informanten peker på senga)”, seier Stas og meinar med det at det er her han ser alle kampane til Zenit medan han ligg i senga. På guterommet har han fjernsyn som står i hjørnet, på andre enden av rommet står senga med ein radio framom. Rommet er ikkje så veldig stort, men det er her han har budd heile si levetid. Stas har ingen gode grunnar til ikkje å gå på fotballkampar, han har tid, han kan få pengane, men det er meir komfortabelt å sitte heime å sjå fotball, ikkje noko stress med å komme seg til og frå stadion, søndagen går ikkje vekk.

Rett før intervjuet hadde Zenit ”tapt” seriegullet i ein skandalekamp mot TsSKA Moskva. To mål hadde blitt feilaktig annullert og TsSKA fekk eit billig straffespark og vann kampen 1-0. Dette gjorde at Zenit ikkje hadde moglegheit til å vinne serien og var til slutt 8 poeng bak, med to lag mellom seg (hadde alle resultat blitt som dei vart i alle kampane på slutten av sesongen, hadde ikkje Zenit vunne serien uansett). Men Stas la ikkje mellom i sin karakteristikk av spesielt dommaren. ”Dommaren var betalt, Abramovitsj⁶⁹ betaler heile serien. Han betaler løna til Advocaat⁷⁰, men han er inne i alle lag og dei gjer opp seg imellom.” Ein kan dra parallelle til italiensk fotball der kampfiksing har vore ein kreftsvulst i mange år og som har hatt ei opprydding som har ført til at store klubbar har fått straff som svir, Juventus måtte til dømes ned ein divisjon etter 2005-2006-sesongen.

3.8 Kampdag

Kampane eg var på gjekk som regel tidlegare på dagen på grunn av haustmørket (det var flomlys på stadion). Folk møtte tidleg opp for å få med seg det som skjedde. På metroen når

⁶⁹ Roman Abramovitsj, oljemilliardær og Chelsea-eigar.

⁷⁰ Dick Advocaat, hollender, trenar i Zenit. Dette høyrté eg berre frå Stas og er lite truleg.

ein nærma seg stadion var det alltid fullt av liv med god stemning. Eg såg aldri ein einaste slåsskamp korkje før eller etter kamp. Utanfor stadion var det sal av effektar, mat og leske. Eg kom i kontakt med Viktor som også var ein av informantane mine. Han og fleire til samla seg alltid ved lysmasta rett etter inngangen for å bytte, kjøpe og selje alt mogleg frå gamle kampprogram til pins. For å komme inn på stadion måtte ein igjennom fleire kontrollar. Av billett, og ein eller to kroppsvisiteringar. Særleg før kampen mot Lokomotiv var sikkerheita god. Kampen gjekk mellom to lag som enno hadde moglegheita til å vinne serien på det tidspunktet pluss at det var ein del tilreiste fans frå Moskva.

Ein fordel i Petersburg er eit velfungerande undergrunnsystem med tog som går kvart andre minutt forbi stadion før og etter heimekampar. Dette gjer tömming av stadion effektivt, folkehavet løyser seg fort opp.

Etter kampen gjekk tömminga av stadion stille og roleg for seg. Ikkje ein einaste gong såg eg tilløp til bråk. Bortefansen vart heldt att for å minske sjanske for bråk, noko som er vanleg overalt. Om Zenit hadde vunne var alltid stemninga god. Mange tok metro vekk frå stadion, men også mange som gjekk ned til byen, sjølv om det er eit bra stykkje. Nede i byen var det ofte umogleg å sjå at det hadde vore kamp.

Giulianotti (1999:69) meiner at ”atmosfære” er viktig for tilhengjarar og spelarar som er på kamp,

For players and spectators, an important stimulant is the ‘atmosphere’ of the game, especially at professional level: the more intense the ‘atmosphere’, the more pleasurable the game. (Giulianotti 1999: 69)

Eg satt på Sektor 2 på Petrovskij stadion, ein stille og roleg sektor på den eine langsida mot svingen lengst unna Nevskij Front. Av dei som satt rundt meg var dei fleire par i tjueåra som hadde med seg born på kamp, både jenter og gutter. Eg hadde først antatt at fotballkampar i Russland var veldig macho og at eg ikkje skulle få oppleve at det var så mange kvinner og born på kamp. Det har jo også vore eit kjent diskusjonstema i England der dei har prøvd å få kvinner inn på stadion. Om dette er ein planlagt politikk i Petersburg veit eg ikkje. Kvinnefotball står heller ikkje sterkt i Russland. Sektor 2 var prega av mykje humor. Det var overalt ein liten humorist som kom med artige innslag under heile kampen, dette var forskjellelege folk og gjekk att på alle kampane. Men gjekk ein over grensa fekk ein også høyre

det. Med grense meiner eg den grensa mellom det å vere moro og glede folk til å at det ein seier støyter folk. Kor den grensa går er ulikt frå person til person. Rasistiske tilrop vart ikkje godtatt på sektor 2, sjølv om ein av og til kunne høyre apelydar mot farga spelarar vart dette slått ned på av fans som satt rundt om. Det var aldri tilgang til bråk eller slåssing som eg såg, heller var det fulle folk på Sektor 2, sjølv om det vart drukke øl. Det virka som dei som gjekk på Sektor 2 gjekk for fotballkampen og for å oppleve stemninga og alt rundt.

Det var vanskeleg å skjule at eg var nordmann, eg må tilstå at eg blir tatt for å vere utlending så snart eg opnar munnen og seier noko. Det å vere nordmann på Zenit-kamp er ikkje noko problem, heller tvert om. Det er ein norsk spelar på Zenit, Erik Hagen. Ein spelar som gjer alt i alle duellar, av og til, men sjeldan, sett inn eit mål og av og til, litt oftare ein skåring, får eit raudt kort. Erik Hagen er godt likt av Zenit-fansen. Eg har til og med hørt ei historie om at ein mann som heiter Hagen slapp igjennom passkontrollen på Pulkovo-flyplassen fordi dei trudde han va i slekt med Erik Hagen. Erik Hagen ligg også jamt mellom 10 og 15 på lista over mest omtalte personar i St. Petersburg bys presse, slått av guvernør Valentina Matvinenko og president Vladimir Putin samt nokre andre fotballspelarar (Andrej Arsjavin⁷¹, Aleksandr Kersakov og trenaren Dick Advocaat) (Gorod, 2006). Eg var også på kamp saman med andre nordmenn, ein kompis av med hadde ein gong med seg eit norsk flagg. Dette førte til at alle som stod rundt oss visste kor me var frå (og trudde vel at me var der berre for å sjå Hagen). I denne kampen skåra Hagen og me fekk gratulasjonar frå alle rundt oss.

3.9 Samlaren

Viktor er rundt seksti og har vore Zenit-fan heile sitt liv og brukar mykje tid på det. Før heimekampane møter han vene utanfor stadion for å byte, kjøpe og selje gamle effektar som pins, kampprogram med meir. Alle i gjengen er frå rundt femti og oppover, *kolleksjoniry*⁷² som dei kallar seg.

I ei engelsk undersøking som vart gjennomført ved Sir Norman Chester Centre for Football Research ved University of Leicester fann dei ut at dei tre aspekta ved klubben som var viktigast for identifiseringa var lagets fargar, tidlegare spelarar og klubbens historie (Hjelset

⁷¹ Andrej Arsjavin vart i 2007 valt inn i bystyret i St. Petersburg for partiet Sameint Russland (Jedinaja Rossija), men trakk seg frå plassen <<http://www.newspb.ru/allnews/799052/>>[07.04.07].

⁷² Samlarar.

2006: 32)⁷³. Dette trur eg godt kan overførast til russiske forhold også, undersøkinga viser at identifiseringa med klubbens historie aukar med alderen noko som også er ein tendens hjå informantane mine.

Heime i stua har Viktor fullt av bøker om fotball, ikkje berre om russisk fotball, men også om vestleg fotball. Noko har han i leilegheita der dottera bur og noko på *datsjaen* utanfor byen kor han tilbringer mykje tid etter han vart pensjonist. Det blir for mykje å ha i leilegheita med to rom. Kona til Viktor er ikkje interessert i fotball, men godtek at mannen er det, men det er ho som har fått han til å flytte mykje av bøkene og avisene ut av huset.

Viktor er, som nesten alle eg snakka med, samd i at St. Petersburg ikkje kjem til å hente seriegullet til byen så lenge Moskva-laga gjer opp seg imellom. Han er av den meininga at det er mykje korrupsjon i russisk fotball og at dommarane konsekvent dømmer seriegullet til ein Moskva-klubb. Sidan 1997 er det berre Moskva-lag som har vunne serien i Russland, og Viktor meiner det kjem til å ta lang tid før ein annan by hentar heim pokalen. Som eksempel viser han til kampen mellom TsSKA og Zenit.

3.10 ”Peterburg nje futbol’nyj gorod”

Utanfor Petrovskij stadion trefte eg Dima, ein hyggeleg fyr i midten av 20-åra som hadde vore på kamp med Petrotrest. Saman såg me juniorlaget til Zenit trene på den store banen på Petrovskij-anlegget. Petrotrest hadde nettopp tapt 4-2 mot Zenit2 i kulde og snø dagen før november. Dima går på alle heimekampane til Petrotrest og er aktiv i fanklubben. Han er godt kledd og stille og roleg.

Dima fortel at Petrotrest-tilhengjarane stadig drøymer om at klubben skal få meir pengar og rykke opp i seriesystemet, han hadde nettopp snakka med sekretæren i klubben som hadde lovt at det skulle komme meir pengar til klubben, men han frykta at det ikkje kom til å skje. Målet til supporterane er opprykk slik at dei kan ligge mellom Zenit og Zenit2 i divisjonssystemet og då dra meir nytte av å vere det nest beste laget i byen. Spelarar som ikkje er bra nok for Zenit kan då bli utleid til Petrotrest og gjere ein god jobb for laget der og dei vil lettare kunne hente talent frå andre klubbar når ein ligg rett under toppen. Men for å

⁷³ Tabellen finn ein under <http://www.le.ac.uk/so/css/resources/factsheets/fs3.pdf> [10.04.07].

rykke opp krevjast det pengar, laget vart sesongen 2006 nummer 15, to poeng frå å bli nest siste, 32 poeng frå opprykksplass (Zenit2 vart nummer 13 med tre poeng meir enn Petrotrest).

Det er viktig for St. Petersburg å ha eit lag i nest øvste divisjon. Til neste år skal me kjøpe spelarar frå den divisjonen og rykke opp. Om to år er det to lag frå St. Petersburg i toppdivisjonen, men det er urealistisk.

Dima er ukueleg optimist på vegne av Petrotrest og fotballens framtid i St. Petersburg, men han seier også at det ikkje kjem til å bli to topplag i St. Petersburg fordi det ikkje er vilje i sponsormarknaden til å støtte oppunder to lag.

I Moskva er det fem⁷⁴ lag og ti millionar innbyggjarar, i Piter⁷⁵ er det eit lag og fem millionar. Hadde det vore to lag, hadde det eine trekt det andre ned.

Dima ser også kampane til Zenit, men berre på fjernsyn. Han går ikkje på stadion for å støtte eit lag som ikkje ”tilhører han”. Men for fotballen i byen er det best at det i alle fall er eit lag som er i toppen.

Om dei som går på stadion og ser Zenit meiner han at mange berre går fordi det er *modno*⁷⁶ å gå på kamp. Moderne vart ikkje brukt som noko positivt i denne samanheng – ein fotballsupporter som ikkje har noko kjensle for laget, men som berre går for å oppleve stemninga blir ikkje sett opp til.

”Å gå på kamp er modno, hadde dei spelt dårlig hadde det vore folk i svingane, men glissent på langsidene”

Giulianotti (2002: 39) kallar desse for flanørar som

[...]adopts a detached relationship to football clubs, even favored ones. A true football flâneur, the cool consumer belongs only to a virtual community of strollers who window-shop around clubs. In the most extreme manifestation, national allegiances may also be exchanged on the grounds of competitive successes or mediated identification with superstar celebrities. The adornment of a team's

⁷⁴ Spartak, TsSKA, Dinamo, Lokomotiv er dei store. FK Moskva, Saturn og Torpedo er også bra lag.

⁷⁵ Piter er omgangsspråk for St. Petersburg.

⁷⁶ Moderne, *in*.

attire is in tune with a couture aesthetic, drawn to the signifier (the shirt color, the shirt design, its crest, even its sponsor logo) rather than to what is signified conceptually [...]. The flâneur thereby avoids any personal consumption by the appended signs but instead consumes these signifiers in a disposable and cliché-like fashion, as if adopting a temporary tattoo.

Desse er også mindre avhengig av prisnivået enn dei tradisjonelle supporterane (Hjelset 2006: 149) medan ein fan (*fanat*)

[...] develops a form of intimacy or love for the club or its specific players, but this kind of relationship is inordinately unidirectional in its affections. The fan is hot in terms of identification; the sense of intimacy is strong and is a key element of the individual's self. But, it is a relationship that is rather more distant than that enjoyed by supporters. (Giulianotti 2002: 36)

3.11 Supporterklubbar

Når ein tek eit raskt blikk på Petrovskij stadion er det ein ting ein fort ser, det er at gjengen med hard core-fans ikkje er den største gruppa, men det er den gruppa som gjer mest lyd frå seg. I St. Petersburg kallar denne gruppa seg for Nevskij Front og reknar seg som ei *ultras*-gruppe. Namnet *ultras* kjem frå supporterane til Sampdoria i Genova i Italia tidleg på 1970-talet. Desse gruppene representerte noko yngre, meir organisert og militant form for *fandom* enn det som tidlegare var kjent i Italia (Giulianotti 1999: 54).

På grunn av at det er store avstandar når Zenit spelar bortekamper har lagets supporterar fått kallenamna *bomzji* (boms) fordi dei ofte tek lokaltog og overnattar på jernbanestasjonar. Det andre vanlege kallenamnet er *mesjki* (pose) som stammar frå 1984 då det vart produsert bæreposer med påskrifta *Zenit – tsjampion* (Zenit er meister). I St. Petersburg nyttar ein heller *Sinje-Belo-Golubye* (Marineblå-Kvit-Blå) etter klubbens fargar.

Nevskij Front er den største supporterklubben og organiserar rundt 1000 medlemmar⁷⁷. Denne vart grunnlagt i 1997 og held til i eine svingen på Petrovskij under heimekampane til Zenit. Nevskij Front har to mål, det er å heie på Zenit og dei skal skape liv på stadion. Nevskij Front er den tilskodargruppa som lagar mest liv på stadion gjennom taktfaste rop og organisert syning. Dei lagar også store banner som blir brukt under kampane samt bengalske lys

⁷⁷ <http://www.fc-zenit.ru/info/page.phtml?id=117> [15.03.07].

(pyroteknikk). I følgje Dima er det av og til at Nevskij Front også er å finne på heimekampane til Petrotrest om sommaren når været er fint, men dei støttar ikkje Petrotrest i utgangspunktet.

Fanklubben⁷⁸ vart grunnlagt i 1999 som ein ikkje-kommersiell fanklubb med rundt 400 medlemmar. Fanklubben har flagg og diverse effektar som dei nyttar under kampane. Ofsaid vart grunnlagt i 2002 og har rundt 800 medlemmar. Ofsaid driv mellom anna gjesteboka på den offisielle heimesida til Zenit og har kontor på Petrovskij stadion. 11. sektor vart grunnlagt i 2005 og har i dag rundt 700 medlemmar. Sector 10 Group vart også starta i 2005 og har hatt aksjonar (delt ut papplater som over ei heil tribune blir eit bilet) som ”Mitt hjarte er med deg”, ”St. Petersburgs våpenskjold” og ”Løve og gladiator”. Ukjent kor mange medlemmar. I Moskva og Vsevolozjsk finn ein også fanklubbar som støttar Zenit i St. Petersburg. Også i utlandet kan ein finne supporterklubbar som heiar på Zenit, i USA, Belgia, Tyskland og Israel⁷⁹.

3.12 Om kvinnefotball

Kvinnekuldbfotball er ikkje stort i St. Petersburg. Det beste laget er Avrora som vart grunnlagt i 1989. Klubben har også avdeling for futsal⁸⁰ og ungdomsavdeling med rundt 170 jenter⁸¹. Hausten 2006 vart junior-VM for jenter arrangert i Moskva og St. Petersburg. I St. Petersburg vart Petrovskij stadion brukt til åtte av turneringas kamper (innleiande kampar og kvartfinale, resten gjekk i Moskva). Kampane trakk frå 350 til 1100 tilskodarar med unntak av dei to kampane til Russland som trakk 3 400 mot New Zealand og 10 2000 mot Brasil. Dei to kampane var det reklamert mykje for i byen, og til trass for at dei også vart sendt på tv kom det ganske mange på kamp. Eg var sjølv på landskamp i 1998 i Moskva mellom Russland og Finland (VM-kvalifisering) der det var gratis inngang, men glissent på tribuna. Kampen var den gongen lagt til Moskvitsj stadion, ein gamal slittbane usentralt i Moskva. No får juniorspelarar spele på Petrovskij i St. Petersburg, Lokomotiv, Dinamo, Torpedo og Podmoskovie i Moskva.

⁷⁸ Klub Bolel'sjikov.

⁷⁹ På heimesida til Zenit er det lenker til dei ulike supportergrupperingane.

⁸⁰ Innandørsfotball. Fire utespelarar pluss keeper.

⁸¹ <http://fcavrora.ru/index.php?razd=fc&part=2> [06.04.07].

4 Sluttord

Ein skal vere forsiktig å legge for mykje i forholdet mellom sport og politikk og det kan vere at det ofte ikkje er eit forhold mellom dei to. Men som eg har synt i oppgåva, det kan også vere mykje politikk i sport, i dette tilfellet fotball i Russland og Sovjetunionen. Fotball har også vist seg som ein dynamisk og tilpassingsdyktig sport som har dreidd seg dit vinden har blåst, både sosialt og politisk.

Frå i byrjinga å vere utlendingar som tok med seg spelet til Russland og som var dei som spelte, til ei dreiling mot den russiske arbeidarklassen etter kvar som den fekk meir og meir fritid.

Frå å byrje som pauseunderhaldning i sykkelløp tok det ikkje lang tid før spelet hadde ein stor tilhengjarskare. Når ein i eit land ofte vel fotballklubb ut etter politisk standpunkt (som ikkje er med som alternativ i undersøkinga ved Sir Norman Chester Centre for Football Research (NCCFR)) er det noko anna enn å velje favorittlag ut frå favorittspelar eller farge på drakta⁸². For folket var fotball under sovjetida ei moglegheit til å samle store grupper som kunne markere seg, alle var tilhengjarar av same lag, men for mange var det også ei politisk ytring å gå på fotballkamp der ein kunne vise si politiske haldning gjennom kva lag ein var for, ei moglegheit ein ikkje hadde mange andre stadar enn på stadion. Ein annan grunn kan også vere at den sovjetiske kvardagen var så grå og keisam at fotball også kunne fungere som ein slags verkelegheitsflukt, også frå det politiske Sovjetunionen.

I dag kan ein kanskje sjå tendensen at det å gå på fotballkamper er ei ny dreiling i retning av den russiske middelklassen, slik som i England (Hjelset 2005: 76), det er *modno* å gå på fotballkamp. Slik eg ser på det på grunnlag av mitt arbeid i felten i St. Petersburg er dei like stolte av fotballen i byen, for det meste Zenit, som kultureliten er av Ermitasjen og Mariinskij-teateret. Om fotball aukar sin status blant middelklassen vil den kanskje også bli kulturelitens stoltheit?

Samstundes er eg også samd i at ”*Peterburg nye futbolnyj gorod*”, bakgrunnen for det er at St. Petersburg i utgangspunktet er stor nok til å kunne ha minst to bra fotballag, byen er

⁸² Dog har draktfarge også politiske konnotasjonar, arbeidarklasseklubbar i Vesten har ofte raude drakter (Liverpool), medan overklasseklubbar ofte har blåe drakter (Everton).

handelssenter for det nordlege Russland som har store ressursar og byen har potensielt nok folk til at to klubbar skal kunne eksistere side om side. Men i St. Petersburg finns det ingen tradisjon for eit lag nummer to, det finns berre ein tradisjon for Zenit som toppklubb. Kanskje hadde ein klubb til gjort godt for rivaliseringa i byen og at fleire hadde kunne tatt del på den eine sida mot den andre og slik stimulert til auka interesse? Eit anna argument for at St. Petersburg ikkje er ein fotballby er at Zenit ikkje greier å trekke fullt stadion på sine heimekampar med unntak av mot dei store Moskva-laga når tilskodarpotensialet er så stort.

Politisk har fotballen gått frå å vere ein fri sport, men på byrjinga av 1900-talet vart regimet merksam på kva politiske moglegheiter som låg i sporten. Under Sovjetunionen vart fotball politisk sak, fotball vart nytta til ulike politiske føremål som integrasjon og folkehelse, som i tur var påtenkt å styrke forsvaret av staten. På 1960-talet er datt Moskva-hegemoniet saman og det vart meir ope kven som kunne vinne serien, og ein kan spekulere i om det er ein samanheng at dette inntreff medan Khrusjtsjov satt med makta?

Utanfor landets grenser nytta ein fotball for å pleie kontaktar med venlegsinna land og som ein indikator for å syne kvaliteten på sovjetsamfunnet elles, å gjere det bra i OL vart så viktig at ein nesten gjekk over lik for å gjere det bra, mange russiske idrettsutøvarar er lemlest for livet på grunn av doping og eit hardt idrettsregime for å oppnå bra internasjonale resultat, men det var underordna målet om å gjere det resultatmessig bra.

På slutten av 1980-talet skjer det ei ny dreiling renting av avpolitisering, propagandaen forsvinn ut av fotballsendingane på tv, profesjonalisering og kjøp og sal blir vanleg. Avpolitiseringa av fotballen gjenspeglar *perestrojka*-politikken som blir ført under Gorbatsjovs regime. Fotballen vart profesjonalisert, det kom reklame på draktene og mange lag frigjorde seg frå fagforeiningane og vart eigde som vanlege firma. I dag er det marknaden som rår både i Russland og i fotballen, dette syner at fotballen både har blitt påverka av og samstundes gjenspegla politikken.

Litteratur

- Anglo-russkij i russko-anglijskij slovar' futbol'nych terminov [=AAS]* (Ordbok). 2002, Radinov, V. V. (red.), Izdatel'stvo Astrel', Moskva.
- Baumann, Robert F. 1988, "The Central Army Sports Club (TsSKA) Forging a Military Tradition in Soviet Ice Hockey", *Journal of Sport History*, bd. 1.5, nr. 2, s. 151-166.
- Benson, Morton. 1958, "English Loan Words in Russian Sport Terminology", *American Speech*, bd. 33, nr. 4, s. 252-259.
- Breivik, Gunnar. 1988, *Idrettens sosiale logikk. Vitenskapsteoretiske og metodologiske arbeider*, Norges idrettshøgskole, Oslo.
- Davis, Gerald H. 1981, "Sport in Siberia, 1917: A rare document", *Journal of Sport History*, bd. 8, nr. 1, s. 111-114.
- Dougan, Andy. 2002, *Dynamo: Defending the Honour of Kiev*, Fourth Estate, London.
- Downing, David. 2000, *Passovotchka. Moscow Dinamo in Britain, 1945*, Bloomsbury, London.
- Duke, Vic. 1990, "Perestroika in Progress?: The Case of Spectator Sports in Czechoslovakia", *The British Journal of Sociology*, bd. 41, nr. 2, s. 145-156.
- Edelman, Robert. 2002, "A Small Way of Saying "No": Moscow Working Men, Spartak Soccer, and the Communist Party, 1900-1945", *The American Historical Review*, bd. 107, nr. 5, s. 1441-1474.
- Edelman, Robert. 1993, *Serious Fun: A History of Spectator Sports in the USSR*, Oxford University Press, New York.
- Edelman, Robert. 1990, "The Professionalization of Soviet sport: The case of the Soccer Union", *Journal of Sport History*, bd. 17, nr. 1, s. 44-55.
- Eriksen, Bengt. (04.03.05), *Generalen som angrep*, [Online] Nettavisen. Tilgjengeleg frå: <<http://www.nettavisen.no/sport/fotball/bengts/article355100.ece>> [19.01.07].
- Foer, Franklin. 2004, *Fotball forklarer verden! En (tvilsom) teori om globalisering*, Spartacus, Oslo.
- Frey, James H. og D. Stanley Eitzen. 1991, "Sport and Society", *Annual Review of Sociology*, nr. 17, s. 503-522.

Frykholm, Peter A. 1997, "Soccer and social identity in pre-revolutionary Moscow", *Journal of Sport History*, bd. 24, nr. 2. s. 143-154.

Giulianotti, Richard. 1999, *Football: A Sociology of the Global Game*, Polity Press; Blackwell Publishers, Oxford.

Giulianotti, Richard. 2002, "Supporters, Followers, Fans, and Flaneurs: A Taxonomy of Spectator Identities in Football", *Journal of Sport and Social Issues*, bd. 26, nr. 1, s. 25-46.

Gorod. 2006 (Vekeblad), nr, 39 (217), 30. oktober. ZAO Izdatel'skij dom "Gorod".

Gounot, André. 2002, "Freundschaftsspiele als politisches Propagandamittel: Die Deutschlandtourneen sowjetischer Mannschaften 1923-1927", *Stadion*, XXVIII,1, s. 77-96.

Grønmo, Sigmund. 1996, "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i samfunnsforskningen", i Harriet Holter og Ragnvald Kalleberg (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Universitetsforlaget, Oslo.

Guttmann, Allen. 2003, "Sport, Politics and the Engaged Historian", *Journal of Contemporary History*, bd. 38, nr. 3, s. 363-375.

Hellevik, Ottar. 1999, *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Universitetsforlaget, Oslo.

Hjelset, Arve. 2005, "De som streber nedover – om klasse og identitet blant fotballsupportere", *Sosiologi i dag*, årgang 35, nr. 4, s. 69-87.

Hjelset, Arve. 2006, *Mellan børs, katedral og karneval. Norske supporteres forhandlinger om kommersialisering av fotball*, Avhandling for dr. polit.-graden, Universitetet i Bergen.

Hollesen, Nis. 2007, "Rivaliseringen mellem Dynamo og Spartak – en beretning fra stalinismens overdrev", *Nordisk Øst-Forum*, 21. årgang, nr. 1, s. 43-57.

Keys, Barbara. 2003, "Soviet Sport and Transnational Mass Culture in the 1930s", *Journal of Contemporary History*, bd. 38, nr. 3, s. 413-434.

Krämer-Mandeau, Wolf. 1991, "Regionale Spiele und Sportarten auf dem Gebiet der Ehemaligen Sowjetunion", *Stadion*, XVII, nr. 2, s. 245-277.

Krüger, Arnd. 1999, "Strength through joy: The culture of consent under fascism, Nazism and Francoism", i Jim Riordan og Arnd Krüger, (red.), *The International Politics of Sport in the Twentieth Century*, s. 67-89, E & FN SPON, London.

- Kuper, Simon. 1996, *Football Against the Enemy*, Orion Books, London.
- Lee, Johnny K. 2006, "Playing for Life: Survival Soccer in 1942", *Soccer and Society*, bd. 7, nr. 4, s. 486-493.
- Lukasjin, Ju. S. 2002, *Sbornaja Rossii po futbolu 1911-2002: Igry, roly, igroki, trenery*, Izdatel'stvo AST, Moskva.
- Lukosjak, Jurij P. 1997, *Futbol. Pervye šagy. 1860-1923*, Sojuz chudožnikov, St. Petersburg.
- Missiroli, Antonio. 2002, "European Football Cultures and their Integration: The 'Short' Twentieth Century", *Culture, Sport and Society*, bd. 5, nr. 1, s. 1-20.
- Mertin, Evelyn. 2003, "Der Boykott der Olympischen Spiele 1980 in Moskau in der Sowjetischen Presse", *Stadion*, XXIX, s. 251-261.
- Moss, Walter G. 1997, *A History of Russia. Volume II: Since 1855*, McGraw-Hill, New York.
- Nymark, Johannes. 2002, *Verdas viktigaste bagatell. Essay om fotball og globalisering*, Samlaget, Oslo.
- Obare, Ruphine S. 2000, "Can Sports Exist Without Religion?", *Sheffield Online Papers in Social Research (ShOP)*, [online], nr. 1, tilgjengeleg fra <<http://www.shef.ac.uk/socstudies/Shop/>> [28.02.06].
- Peppard, Victor E. 1982/83, "The beginnings of Russian soccer", *Stadion*, VIII/IX :, s. 151-168.
- Radionov, V. V (red.). 1997, *Sto let rossijskomu futbolu*, Rossijskij futbol'nyj sojuz, Moskva.
- Radyshevsky, Dmitri. 1992, "The Changing Face of Soviet Sport" i Jim Riordan (red.), *Soviet Social Reality in the Mirror of Glasnost*, s. 184-191, Macmillan, London.
- Riordan, James. 1976a, "Marx, Lenin and Physical Culture", *Journal of Sport History*, bd. 3, nr. 2, s. 152-161.
- Riordan, James. 1977, "Political functions of soviet sport: With reference to ritual and ceremony", *Stadion*, III, nr. 1, s. 148-172.
- Riordan, James. 1980a, *Soviet Sport: Background to the Olympics*, Blackwell, Oxford.
- Riordan, James. 1974, "Soviet Sport and Foreign Policy", *Soviet Studies*, bd. 26, nr. 3, s. 322-343.

Riordan, James. 1975, *Sport and Physical Education in the Soviet Union*, Society for Cultural Relations with the USSR, London.

Riordan, James. 1976c, *Sport and the military. (With special reference to the USSR)*, University of Bradford, Bradford.

Riordan, James. 1976b, “Sport in Soviet society: Some aspects of the development of sport in the USSR”, *Stadion*, bd. II, nr. 1, s. 90-120.

Riordan, James. 2002, “Sport under communism and fascism: Reflections on similarities and differences”, *Stadion*, bd. XXVIII, nr. 2, s. 267-274.

Riordan, James. 1980c, *Sportmacht Sowjetunion*, päd.-extra-Buchverlag, Bensheim.

Riordan, James. 2003, “The Match of Death: Kiev, 9 August 1942”, *Soccer and Society*, bd. 4, nr. 1, s. 87-93.

Riordan, James. 1994, “The Strange Story of Nikolai Starostin, football and Lavrentii Beria”, *Europe-Asia Studies*, bd. 46, nr. 4, s. 681-690.

Riordan, James. 1980b, “The USSR and the Olympic games”, *Stadion*, bd. VI, s. 291-313.

Riordan, James W. 1988, “Tsarist Russia and international sport”, *Stadion*, bd. 16, nr. 2, s. 221-233.

Riordan, James. 1996, “Worker Sport Within a Worker State: The Soviet Union”, i Arnd Krüger og James Riordan, *The Story of Worker Sport*, s. 43-65, Human Kinetics, Champaign.

Riordan, Jim. 1992, “Playing to New Rules: Soviet Sport and Perestroika”, i Jim Riordan (red.), *Soviet Social Reality in the Mirror of Glasnost*, s. 167-183, Macmillan, London.

Riordan, Jim. 1993a, “Rewriting Soviet Sports History”, *Journal of Sports History*, bd. 20, nr. 3, s. 247-258.

Riordan, Jim. 1993b, “The Rise and Fall of Soviet Olympic Champions”, *Olympika*, bd. II, s. 25-44.

Riordan, Jim. 1991, “The Rise, Fall and Rebirth of Sporting Women in Russia and the USSR”, *Journal of Sport History*, bd. 18, nr. 1, s. 183-199.

Selliaas, Arnt-Erik og Andreas Selliaas. Kjem, *De første nordmenn i russisk fotball*.

Sir Norman Chester Centre for Football Research (=NCCFR) (Mars 2002), *Why Support Football?*, (Factsheet no. 3), [online], University of Leicester. Tilgjengeleg frå: <<http://www.le.ac.uk/so/css/resources/factsheets/fs3.pdf>> [10.04.07].

Sonin, Konstantin. (12.03.07), *Pravila igry: Za futbol zaplatim my vse* [online] Rossijskaja Ekonomičeskaja Škola. Tilgjengeleg fra <<http://www.nes.ru/russian/about/MassMedia/0Sonin/Vedomosti/2007/March12.htm>> [02.04.07].

Velinger, Jan og Katrin Bock, (28.04.2004), *A brief history of Czech ice hockey* [online], Radio Praha. Tilgjengeleg fra: <<http://www.radio.cz/en/article/53259/limit>> [12.02.06].

Wheeler, Robert F. 1978, "Organized Sport and Organized Labour: The Workers Sport Movement", *Journal of Contemporary History*, bd. 13, s. 191-210.

Windhausen, John D. 1976, "Russia's First Olympic Victor", *Journal of Sport History*, bd. 3, nr. 1, s. 35-44.

Internettkjelder

www.fcavrora.ru

www.fc-zenit.ru

www.klisf.info/

www.le.ac.uk

www.newspb.ru

www.petrovsky.spb.ru

www.rsssf.com

www.vg.no